



# Årsrapport 2018



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet



# Innhold

## ■ Del I - Oppsummering

Direktørens innleiing .....	4
-----------------------------	---

## ■ Del II - Introduksjon

Introduksjon til verksemda .....	6
Organisasjonskart .....	8
Leiargruppa .....	9

## ■ Del III - Aktivitetar og resultat

Lotteritilsynet .....	10
Stiftelsestilsynet .....	26
Digitalisering i tilsynet .....	34
Brukane er godt tilfreds med oss .....	35

## ■ Del IV - Styring og kontroll

Styring og kontroll i verksemda .....	37
---------------------------------------	----

## ■ Del V - Framtidsutsikter

Kva skjer framover? .....	40
---------------------------	----

## ■ Del VI - Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen .....	42
Prinsippnote til årsrekneskapen .....	43
Bevilgningsrapport for 2018 .....	44
Artskontorrapport for 2018 .....	46
Notar .....	47

# Endring er alltid krevjande

2018 har vore eit utfordrande, men spennande år i Lotteri- og stiftelsestilsynet. I løpet av året har det vore 3 ulike direktørar.

Atle Hamar, mangeårig direktør i tilsynet, blei utnemnd til statssekretær i januar 2018. Bjørn Morten Øen, avdelingsdirektør for administrasjon, fungerte fram til 1. august. Frå 1. august er det eg som har hatt denne rolla.

I tillegg til dette blei Lotteritilsynet omorganisert i 2018. Pengespel- og frivilligavdelinga blei slått saman til ei avdeling. Dei to viktigaste grunnane til dette var at vi ville gjere ressursutnyttinga smidigare og redusere risikoen knytt til at viktig kunnskap er fordelt på for få tilsette. Så langt har dette vist seg å vere eit riktig grep. Ny avdelingsdirektør for det samla Lotteritilsynet er Henrik Nordal. Han tok til i jobben frå 1. mai.

Endring er alltid krevjande for ein organisasjon. Desto kjekkare er det å sjå at vi trass store endringar har hatt eit høgt aktivitetsnivå i organisasjonen, og at vi i stor grad har oppfylt krav og forventningar hos både brukarar og andre interesserantar.



I årsrapporten har vi valt å legg vekt på følgjande: Vi rapporterer på dei formelle krava, presenterer kunnskap om fagfelta våre, formidlar korleis vi har løyst samfunnsoppdraget og kva resultat vi har oppnådd ved arbeidet vårt.

## Tilfredse brukarar

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i mange år gjennomført brukarundersøkingar. Desse gir oss nyttig informasjon om kva vi gjer bra, og kva område vi kan forbetre oss på. For at vi skal kunne utføre samfunnsoppdraga våre på ein god måte, er det viktig at vi ser brukarane sine behov. Kva er deira forventningar til oss, og korleis opplever dei dialogen med oss? Det kan vere vanskeleg å kombinere brukartilfredsheit med ei tilsynsrolle der jobben vår innimellom er å påpeike forhold som må rettast opp. Då skal tilsynsobjekta våre oppleve at vi er fagleg kompetente, pålitelege, lyttande og tydelege.

Filosofien vår er enkel: Dei som ønsker å etterleve eit regelverk, skal vi rettleie slik at dei får det til. Dei som bevisst handlar i strid med regelverket, skal vi stoppe. Enkelt, men likevel ikkje like lett i praksis.

## Forsvarleg pengespeltildob

Vi har samfunnsoppdrag som motiverer og engasjerer oss. Den jobben vi gjer kvar dag, er med på å sikre eit forsvarleg pengespeltildob der vi beskyttar problempelarane. Det er krevjande å hindre ulovleg marknadsføring av pengespel til nordmenn i Noreg. Vi møter aktørar som utfordrar dei fleste sidene av det norske regelverket, og som har ressursar til å gjere det. Vi må gjere vår jobb med dei verkemidla som er tilgjengelege. Vi arbeider langs fleire frontar, og vi bruker både kunnskapsformidling, dialog og tvangsmiddel. Arbeidet krev mykje ressursar, men er svært viktig for å føre vidare den vedtatte spelpolitikken i Noreg.

## Viktige tilskotsordningar

Vi forvaltar også den viktigaste økonomiske tilskotsordninga for frivilligheita i Noreg. Til saman deler staten ut 1,7 milliardar kroner i momskompensasjon. Desse pengane er det vårt ansvar å fordele etter gjeldande reglar, og vi utfører arbeidet effektivt, til rett tid og med god kvalitet. Brukarundersøkinga viser at mottakarane er svært godt nøgde med måten vi løyser oppdraget på.

## Stiftelsane – viktige samfunnsaktørar

Stiftelsar er viktige bidragsytarar på mange område i samfunnet. Stiftelsane er fleksible innanfor sitt formål og bidrar med sin kapital til å betre kvardagen



for mange, og til å løfte prosjekt som det elles ville vore vanskeleg å realisere. Vår jobb er å bidra til at stiftelsane sin kvar dag blir så enkel som mogleg, og til at dei som vel å legge midlar inn i ein stiftelse, også skal vere trygge på at midlane blir brukt i samsvar med intensjonen.

Vi høyrer ofte at stiftelsesforma er så lite fleksibel. Vår handsaming av om lag 700 saker om oppheving, samanslåing og vedtektsendringar kvart år viser at organisasjonsforma faktisk er relativt fleksibel. Det handlar om å forstå handlingsrommet innanfor lov og vedtekter. Der kan vår kunnskap bidra til å gjøre stiftelseskvardagen lettare for mange.

### God kontroll og styring

Vi er forplikta til å bruke dei midlane vi får frå staten, til å løyse samfunnsoppdraget vårt på ein god og effektiv måte. Då må vi mellom anna ha orden i eige hus. God kontroll på økonomi og risikobasert styring gjer at vi utnyttar ressursane våre effektivt. Det er vanskeleg å vurdere måloppnåing på kvalitative mål, og det er noko av det vi skal arbeide vidare med i 2019. Vi er midt oppe i ein strategiprosess no, og den handlar kort sagt om å halde fast på det vi er gode på, samstundes som vi utnyttar teknologi og kunnskap til å bli enda betre.

Eg starta med å seie at 2018 har vore eit krevjande, men spennande år for

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Gunn Merete Paulsen".

Lotteri- og stiftelsestilsynet. Eg både håper og trur at 2019 vil bli minst like krevjande og spennande.

Førde, mars 2019  
Gunn Merete Paulsen  
direktør, Lotteri- og stiftelsestilsynet

# Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg i Førde i Sogn og Fjordane, og er staten sitt forvaltningsorgan på lotteri- og stiftsesområdet. Tilsynet er underlagt Kulturdepartementet og består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør. Tilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter.

**Stiftelsestilsynet** arbeider for å skape tillit til stiftelsar som organisasjonsform og deler kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. Vi rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagt pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeforetak.

**Lotteritilsynet** fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela og den private lotterimarknaden, i tillegg til pyramidespel og andre ulovlege pengespel. Lotteritilsynet er også tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige lag og organisjonar samt bygging av idrettsanlegg. Ansvaret for å driite den nasjonale eininga for arbeid mot manipulering av idrettskonkurransar er også lagt til Lotteritilsynet. Frå 2018 skal Lotteritilsynet også følge opp kvitvaskinslova når det gjeld reglane på spelområdet.

**Tre nasjonale register** blir drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Alle norske stiftelsar er registrert i Stiftelsesregisteret, medan informasjon om lag og organisjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter, er samla i Lotteriregisteret. Anleggsregisteret har informasjon om anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer, og løypetiltak i fjellet m.m. I alle tre registera kan publikum søke fram ulike typar informasjon.

## Tilsynets oppgåver

Tildelingsbrevet for 2018 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine overordna mål slik:

- sikre at pengespel og lotteri skjer i trygge former under offentleg kontroll
- førebygge negative konsekvensar av lotteri- og pengespeltilbodet i Noreg samt vareta omsynet til speleavhengige
- legge til rette for at overskot frå pengespel går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttige og humanitære formål, idrett og kultur
- sikre ei lovleg forvaltning av stiftelsar
- sikre ei forsvarleg forvaltning av ordningane for meirverdiavgiftskompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg

Oppfølging av desse måla er nærmere konkretisert slik:

For pengespel- og lotterifeltet skal tilsynet

- gjennomføre tilsyn med pengespel- og lotterimarknadene der risikoene for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store
- formidle oppdatert kunnskap om pengespel- og lotterimarknadene samt vidareutvikle og drive Lotteriregisteret med god registerkvalitet

- føre tilsyn med og kontrollere at inntekter frå pengespel og lotteri går til ideelle formål
- følge opp handlingsplan om speleavhengigheit
- kjempe mot manipulering av idrettskonkurransar i Noreg

For stiftelsesfeltet skal tilsynet

- gjennomføre tilsyn av og kontroll med norske stiftelsar, der risikoene for og konsekvensane av brot på regelverket er store
- formidle oppdatert kunnskap om stiftelsar som organisasjonsform og om regelverket
- drive Stiftelsesregisteret med god registerkvalitet

For frivillighetsfeltet skal tilsynet

- forvalte momskompensasjonsordningane for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg samt formidle god, brukartilpassa informasjon
- forvalte tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping
- føre tilsyn med Grasrotandelen


## Budsjetttramme for 2018

Budsjetttramma for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2018 var:

Inntekter:

- Gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): kr 15 851 325
- Årsavgift frå stiftelsar: kr 24 299 432
- Refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: kr 42 961 000


Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.



### Samarbeidsorgan og forum Lotteri- og stiftelsestilsynet deltar i:

- lokalt: IT-Forum Sogn og Fjordane, Framtidsfylket
- nasjonalt: Brønnøysundregistra, politiet, Medietilsynet, Forbrukarombodet, Finanstilsynet, ulike bransjeforeiningar m.m.
- internasjonalt: nordiske styresmakter på pengespel- og stiftelsesfeltet, GREF, IAGR, EFC, Network of National Platforms

## Organisasjonen i 2018



**Tabell 1:** Utvalde volumtal

Tabellen syner volumtal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde.

Volumtal	2015	2016	2017	2018
Tal godkjende lotteriverdige organisasjoner	5 412	5 350	5 373	5 347
Tal organisasjoner med inntekter frå bingo	3 683	3 530	3 503	3 486
Tal registrerte stiftelsar	7 139	6 968	6 814	6 718
Tal næringsdrivande stiftelsar	863	844	837	827
Tal søker om momskompensasjon frivillige organisasjoner	1 351	1 448	1 584	1 730
Tal søker om momskompensasjon for idrettsanlegg	461	419	512	490
Tal journalførte saker i tilsynet samla	30 803	30 322	30 831	31 679
Tal unike besøkande tilsynets nettsider	90 186	98 746	139 997	182 000
Tal oppringningar til Hjelpeinja for speleahengige	847	840	1 019	902

**Tabell 2:** Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen

Tabellen syner nøkkeltal basert på informasjon frå VI Årsrekneskapen.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2015	2016	2017	2018
Tal årsverk	61	68	67	62
Samla utgiftsløyving inkl. tilskotsordningar	1 482 230 675	1 570 844 000	1 591 506 000	1 815 702 770
Driftsutgifter rekneskapsført	74 536 262	77 560 415	90 512 183	83 903 084
Lønsdel av driftsutgifter (pst)	57,8	61,1	59,2	61
Løn og sosiale utgifter per årsverk	705 928	696 467	820 483*	839 185*
Samla inntekt rekneskapsført	87 916 350	87 969 526	85 297 794	84 509 029

\*Frå 2017 inngår pensjonspremie til SPK, jf. note 2 til rekneskapen.

# Leiargruppa i 2018



**Gunn Merete Paulsen,**  
direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett som direktør august 2018
- utdanning: cand. jur. fra UiB, diverse leiarutdanningsprogram
- tilsett i Stiftelsestilsynet frå 2008 til 2015, frå 2011 som avdelingsdirektør
- har erfaring som dommarfullmektig og advokat, av dette tre år i Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers
- fødd i 1973, og kjem frå Davik

**Siw Heggedal Longvastøl,**  
avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet

- tilsett i 2015 som avd.dir. i Stiftelsestilsynet
- utdanning: cand.mag. i planlegging og økonomi
- har lang erfaring frå næringsutvikling, entreprenørskap og offentleg forvaltning, sist som diplomat og leiar for Innovasjon Norges kontor i Sør-Afrika
- fødd i 1962 og kjem frå Volda



**Henrik Nordal,**  
avdelingsdirektør i Lotteritilsynet

- tilsett i 2018 som avd.dir. Lotteritilsynet
- utdanning: M.Phil i Peace and Conflict Studies frå Universitetet i Oslo og diverse fagutdanninger innan etterretningsmetode hjå Etterretningsstenesta.
- har erfaring frå Forsvaret, Etterretningsstenesta, og Utanriksdepartementet.
- fødd i 1978, og kjem frå Molde



**Bjørn Morten Øen,**  
avdelingsdirektør for administrasjon  
i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i 2013 som avd.dir. og NK i Lotteri- og stiftelsestilsynet
- frå januar til august 2018: fungerande direktør
- utdanning: spesialsjukepleiar, organisasjon og leiing, nasjonalt toppleiarprogram
- har lang erfaring som leiar i spesialisthelsetenesta
- fødd i 1963 og kjem frå Gloppe



**Anne-Mette Hjelle,**  
kommunikasjonsdirektør  
i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i 2011 som kommunikasjonsdirektør
- utdanning: m.a. masterprogram i endringsleiing og digital kommunikasjonsleiing frå BI, UiO og American University i Paris
- har lang erfaring som journalist i ulike aviser og NRK og som kommunikasjonsrådgivar med eige selskap
- fødd i 1963 og kjem frå Gloppe



# Stabilt nivå for lotteri- og bingoombrådet

Talet på organisasjonar som har inntekter frå lotteri og bingo, endra seg lite frå året før.

## Godkjenning og autorisasjon

Vi godkjende 150 organisasjonar i 2018, to færre enn i 2017. I løpet av året mista 181 organisasjonar si godkjenning. I alt var det ved siste årsskifte 5 347 godkjende organisasjonar i Lotteriregisteret. Det er 26 færre enn i fjor. Også i år er det flest organisasjonar i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar.

Aktørar som driv lotteriverksemd på vegner av godkjende lotteriverdige organisasjonar, skal autoriserast som entreprenør. Ved utgangen av 2018 var det registrert 105 autoriserte entreprenørar. Av desse hadde 58 aktive løyve. Berre éin ny aktør fekk slik autorisasjon i 2018.

## Færre fekk inntekter frå bingo

Lotteritilsynet gav 264 løyve til å arrangere entreprenørbingo i 2018. Fem av desse løyva blei av ulike årsaker ikkje sette i gang. Dei resterande 259 løyva var fordelt på 241 bingohallar. Desse løyva gav inntekter til 3 242 organisasjonar. Det er 20 færre enn året før.

Inntekter frå bingospel er framleis ei viktig inntektskjelde for mange lag og organisasjonar. I 2018 auka talet på hovudspel som blir tilbydde i bingohallane. Hovudspel er eit «grønt» spel med tanke på risiko for speleproblem. Men tendensen er likevel at nye hovudspel liknar meir og meir på sidespela.

Tal organisasjonar som får løyve til foreningsbingo, held seg stabilt. 244 fekk løyve i 2018, tre fleire enn året før. Av desse gjekk 63 løyve til bingo i lokalradio/lokal-TV. For foreningsbingo og radio-/TV-bingo står organisasjonen som får overskotet, sjølv som arrangør.

## Tradisjonelle lotteri held stand

Tradisjonelle lotteri held stand blant frivillige lag og organisasjonar. Lotteritilsynet får likevel ein del spørsmål frå aktørar i lotterimarknaden med spørsmål om modernisering av desse lotteria, og her må vi avklare eventuelle endringar med departementet.

## Lotteri med omsetning under kr 200 000 (smålotteri)

Dette er tradisjonelle lotteri der årleg omsetning er under kr 200 000. Arrangørar av denne typen lotteri treng ikkje vere lotterigodkjende. Det er nok å melde inn lotteriet til Lotteritilsynet 14 dagar før oppstart av loddsalet.

2702 organisasjonar meldte inn og fekk aksept for å ha meldingslotteri i 2018. Det er 86 fleire enn året før. Lotteritilsynet skal også ha rekneskapsrapport frå desse organisasjonane i etterkant av lotteriet. Tendensen er at talet på innmelde smålotteri aukar. Lotteritilsynet reknar likevel med at det er ein god del smålotteri som blir arrangert utan å bli meldt inn. Dette skuldast truleg at publikum ikkje er klar over denne meldeplikta.

## Lotteri med omsetning mellom kr 200 000 og 100 millionar

Lotteritilsynet gav løyve til 129 lotteri i løpet av 2018, ein liten auke på sju meir enn året før. Dette er tradisjonelle førehands- eller etterhandstrekte lotteri. Lotteria blei haldne med både skrapelodd og rivelodd.

## Lotteri med omsetning mellom kr 100 millionar og 300 millionar

For å få løyve til lotteri i denne kategorien må organisasjonen vere samfunnsnyttig eller humanitær samt ha internasjonal aktivitet som utgjer minst 50 % av organisasjonens samla rekneskapsførte driftskostnader. Lotteritilsynet gav i 2017 løyve til fem slike store lotteri med ni års varighet. To av lotteria har vore i drift heile 2018. Dei tre siste kom i drift i slutten av året.

## Trekking av gevinstar ved lotteri

Lotteritilsynet bruker ein del tid på å gjennomføre såkalla etterhandstrekking av lotteri. Det vil seie at vi trekker vinnarar i lotteri. Dette gjer vi enten undervegs i lotteriet, ved at vi gjennomfører vekes- eller månadstrekking, eller vi trekker hovudvinnarar i etterkant av lotteriet. I 2018 gjennomførte Lotteritilsynet 359 slike trekkingar, éin mindre enn året før.

## Nøkkeltal for lotteriområdet:

Område/år	2014	2015	2016	2017	2018
Godkjende organisasjoner per 31.12	5280	5372	5351	5378	5347
Sletta organisasjoner	168	97	123	91	135
Autoriserte entreprenørar per 31.12	114	118	109	110	105
Løyve til entreprenørbingo	250	250	248	248	264
Bingohallar med løyve i.l.a. året	243*	240	235	238	241
Organisasjoner som får overskot frå entreprenørbingo	3356	3387	3249	3262	3242
Løyve til forenings- og radio-/TV-bingo	266	267	255	241	222
Aktive store lotteri (kr 200 000–100 mill.)	144	121	119	126	129
Innmelde smålotteri (under kr 200 000)	2271	2424	2419	2610	2702

\*Color Line fekk eitt bingoløyve.

## Mange mista godkjenninga i 2018

Lotteritilsynet gjennomførte mange tilsyn og kontrollar med aktørane i lotteri- og bingo-marknaden, og fleire organisasjonar mista godkjenninga i 2018.

Tilsynsobjekt blir plukka ut etter ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Tips frå publikum ligg også til grunn for kva tilsyn og kontrollar vi gjennomfører, og frå april 2018 har vi hatt ei ny tips-teneste der publikum kan kontakte tilsynet, anonymt om dei vil.

### Ekstra oppfølging av bingohallar


Lotteritilsynet gjennomfører to former for tilsyn med bingo. Den mest omfattande er kontroll over bingorekneskap. Alle entreprenørar må sende inn bingorekneskap til Lotteritilsynet fire gongar årleg. Lotteritilsynet kontrollerte i 2018 rekneskapen til om lag 240 bingohallar. Halvårlege rekneskapar skal også sjekkast mot tal frå spel levert av Norsk Tipping. Nokre hallar trorg ekstra oppfølging, og ein entreprenør mista til slutt autorisasjonen grunna manglande levering av bingorekneskap.

Vi gjennomførte også 22 fysiske kontrollar i bingohallar. Omfanget av kontrollane er alt frå test av spela via generell sjekk av lokalet til full kontroll. For nokre bingohallar var det nødvendig med fleire kontrollar for å sjekke om pålegg om retting var følgt opp.

### 135 organisasjonar mista godkjenninga i 2018

Lotteritilsynet gjennomførte kontrollar av seks lotteriverdige organisasjonar i 2018. Det inneber å kontrollere om organisasjonen framleis tilfredsstiller krava til å vere lotteriverdig, og om dei nytter lotterimidlar i samsvar med løyve. Ein av desse organisasjonane mista godkjenninga si.

I tillegg må alle godkjende lotteriverdige organisasjonar kvart år sende inn ein enkel rekneskapsrapport. I 2018 mista 135 lotteriverdige organisasjonar godkjenninga på grunn av manglande innsending av denne rapporten. Av desse hadde 29 organisasjonar løyve til lotteri eller bingo. Talet på organisasjonar som blei sletta, auka med 44 samanlikna med 2017.



# Nordmenn er leie av pengespelreklame

3 av 4 nordmenn er leie av all pengespelreklamen som møter dei på TV, i nettavisar, i innboksen eller på telefon.

Det går fram av ein rapport Lotteritilsynet fekk utarbeidd i 2018 om kva effekt marknadsføring har på spelarane. Rapporten, som er laga av Rambøll Management Consulting, er eit ledd i det kontinuerlege arbeidet med å bygge opp kunnskap om heile pengespelområdet.

Eit anna funn i rapporten er at den direkte marknadsføringa – via SMS eller e-post – er svært farleg for dei mest sårbare. Marknadsføring er stadig ein omstridd del av pengespel-politikken, og Lotteritilsynet bruker kunnskapen både i arbeidet med dei lovlege norske aktørane og i arbeidet med å stoppe reklame frå utanlandske pengespelselskap utan løyje i Noreg.

## Ny handlingsplan mot speleproblem


Krafttaket mot speleproblem held fram. Rett før jul vedtok regjeringa ein ny handlingsplan mot speleproblem for åra fram til 2021. Planen sikrar eit langsigktig og systematisk arbeid med førebygging av problematisk speleåtferd. Lotteritilsynet har leia arbeidet med forslaget til planen i samarbeid med Helse-

direktoratet og Medietilsynet. Blant tiltaka i planen er førebyggande informasjonsarbeid, ei felles nordisk undersøking om speleåtferd og utvikling av ein app som skal hjelpe spelarar.

## Big Data og speleansvar

Spelselskapa samlar inn enorme mengder data om kundane sine. Dei veit kor mykje du spelar, kva spel som fenger akkurat deg, og om du viser teikn på overdrive eller problematisk spel. Denne kunnskapen må spelselskapa bruke til å tilby pengespel på ein mest mogleg ansvarleg måte.

Norsk Tipping har lenge vore langt framme, men også Norsk Rikstoto har komme langt på dette området i 2018. Dette pregar Lotteritilsynets arbeid med ansvarlege spel, og var også hovudtemaet på Speleansvarskonferansen 2018. Der fortalte selskapa om korleis dei brukar data for å overvake spelarane sine. Selskapa er langt framme når det gjeld kunnskap om spelarane, og tilbyr spelarane verktøy som skal bidra til ansvaleg spel. Denne utviklinga vil halde fram.



# Slik stoppa vi ulovlege pengespel

Lotteritilsynet har fleire metodar for å stoppe utanlandske pengespelselskap som tilbyr og marknadsfører nettspel i strid med norsk lov.

For å tilby nordmenn deltaking i pengespel som ikkje har løyve i Noreg, bryt og omgår utanlandske selskap norske reglar og blokeringar som skal sikre eit trygt og ansvarleg pengespeltilbod.

I 2018 gjennomførte Lotteritilsynet fleire tilsyn mot aktørar som tilbyr, marknadsfører eller formidlar pengespel i Noreg i strid med lova. Omfanget er stort, og vi har prioritert å føre tilsyn med dei mest alvorlege brota som vi kan stanse etter gjeldande regelverk, og der tilsyn vil gi effekt.

## Bankane stansa betalinga av innskot og gevinstar

Lotteritilsynet påla i 2018 alle norske bankar å stanse formidling av ulovlege nettspel ved å gjere sju vedtak om overvaking av bestemte kontonummer. Desse kontonummera er eigde av pengespelselskap og betalingsformidlingsselskap som ikkje har løyve til å tilby pengespel til nordmenn. Bankane har gjennomført stans av innskot og utbetaling til og frå nordmenn i tråd med vedtaka. Resultatet er at fleire betalingsformidlingsselskap som har hatt store mengder pengespeltransaksjonar i Noreg, i 2018 har gått ut av den norske nettspelmarknaden etter press frå Lotteritilsynet.

Forslag til endringar i regelverket om forbod mot betalingsformidling for pengespel utan norsk løyve blei sendt på høyring i april 2018. Eit av endringsforslaga er å innføre avgrensa opplysningsplikt for bankane til Lotteritilsynet for å stanse meir ulovleg nettspel til nordmenn.

## Mindre pengespelreklame i TV og nettavisar

Ei kartlegging som Medietilsynet har gjort for 2017/2018 viser for første gong sidan målinga av omfanget av pengespelreklame på TV tok til i 2013, at utanlandske pengespelselskap brukar mindre pengar på slik reklame retta mot norske forbrukarar enn året før. Reklamen på TV for dei utanlandske pengespelselskapene treff mange sårbarer spelarar, og Lotteritilsynet er positive til at denne marknadsføringa går ned. Det er vanskeleg å fullt ut analysere årsakene til nedgangen, men tiltaka styresmaktene over tid har sett i verk, kan ha påverka utviklinga. Ei anna forklaring kan vere at marknaden for slik TV-reklame er metta. At marknadsføringa har skifta frå tradisjonell annonsering til meir direkte marknadsføring, kan òg ha hatt noko å seie.

Lotteritilsynet har i 2018 også merka ein nedgang i omfanget av ulovlege annonsar for utanlandske pengespelselskap i norske nettavisar. I 2017 gjennomførte vi eit tilsyn med ulovleg marknads-

føring av pengespel i nettavisar, etter at vi hadde sett ein auke i omfanget av programmatiske annonsar. Programmatisk annonsering er automatiserte kjøp og sal av nettannonsar via digitale børsar. Norske mediehus og annonseleverandørar har lagt inn tekniske blokeringar for pengespel som ikkje har løyve i Noreg, men utanlandske pengespelselskap omgår desse på ulike måtar.

Lotteritilsynet har god dialog med norske mediehus og annonseleverandørar, og har intensivert tilsynsarbeidet. Dialogen med mediehusa syner at dei tar dette problemet på alvor, og dei har sett i verk fleire tiltak for å hindre at det blir lagt ut slike annonsar.

## 1000 tips om ulovlege pengespel

Lotteritilsynet fekk i 2018 nærmare 1000 tips om ulovleg marknadsføring av utanlandske pengespelselskap på Internett. Vi har merka ein auke i tips om ulovleg direktereklame frå utanlandske pengespelselskap via SMS og e-post til nordmenn. Ifølgje ein rapport som Rambøll leverte til Lotteritilsynet i februar 2018, er dette ei svært farleg form for reklame for dei som har speleproblem eller står i fare for å få det.

Lotteritilsynet vil bruke denne rapporten («Markedsføringens effekt på spilling av pengespill og pengespillproblemer») i det vidare tilsynsarbeidet.

## Stansa marknadsføringa på 239 nettstader

I 2018 gjorde Lotteritilsynet vedtak mot 28 selskap med same kontaktperson om å stanse ulovleg marknadsføring av utanlandske pengespelselskap på til saman 239 norske nettstader.

Lotteritilsynet gjorde samtidig vedtak om tvangsmulkt på 2 000 kr per dag per selskap dersom dei ulovlege forholda ikkje blei retta opp. Vedtaket innebar eit pålegg om å fjerne det ulovlege innhaldet på nettstadene. Selskapa retta seg etter vedtaket ved å blokkere alle nettstadene for nordmenn.



# Den uregulerte spelmarknaden er stabil

Lotteritilsynet estimerer kvart år størrelsen på den uregulerte spelmarknaden. Netto omsetning (GGR), dvs omsetning minus utbetalte gevinstar, vart i 2017 estimert til mellom 1,8 og 2,2 milliardar kroner (avrunda til 2 milliardar kroner).

Slike estimat er usikre, og i samband med utarbeiding av estimatet for 2018 gjorde vi ei vurdering av dei fem kjeldene vi brukte i 2017. Resultatet er at fire av desse er brukt også i 2018.

Tal frå valutaregisteret er ikkje blitt brukt i estimatet for 2018 fordi kvaliteten ikkje er god nok. Lotteritilsynet har også endra nokre spørsmål i undersøkelsane Sentio Research AS gjennomfører, for betre å kunne måle kor stor del av spelet i den enkelte spelkategori som skjer hos uregulerte aktørar, samanlikna med Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. 2018 er første året vi har med desse spørsmåla, og det blir spennande å sjå på utviklinga framover. I tillegg til tala frå GBGC<sup>1</sup> har Lotteritilsynet i 2018 kjøpt tilgang til tala frå analyseselskapet H2<sup>2</sup>. Ut over dette har vi ikkje funne andre kjelder som ville gitt eit betre estimat av omsetninga.

Estimatet for 2018 er dermed berekna med utgangspunkt i desse kjeldene:

- Berekna verdi ut frå marknadsføringa til dei uregulerte selskapa.
- Omsetning hos Norsk Tipping sett opp mot data frå målingane til Sentio Reaserch AS.

- Norsk Tipping sin vekst i sportsspel og kasinospel på nett.
- Tal frå analyseselskapet GBGC.
- Tal frå analyseselskapet H2.

Kvar av desse kjeldene gir eit lågt og eit høgt estimat for GGR. Cjennomsnittet av alle kjeldene viser eit estimat på mellom 1,8 og 2,2 milliardar kroner, eller avrunda til 2 milliardar kroner. Diagrammet viser korleis dei ulike kjeldene drar estimatet i ulike retningar.

Lotteritilsynet har vore i dialog med Menon for å få best mogeleg forståing av kva tal dei har fått frå spelselskapet til rapporten om «Samfunnsøkonomisk analyse av lisensordning for pengespill». Vi fekk få svar på våre spørsmål, og har difor ikkje lagt større vekt på tala som blir presentert i rapporten.


Tabellen viser estimata Lotteritilsynet har gjort sidan 2013. Vår vurdering er at alle er svært usikre, og fordi vi kvart år har endra grunnlaget/kjeldene som er brukt, kan dei ikkje samanliknast over tid.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
mill. kr. (lågt)	700	1000	1300	1500	1800	1800
mill. kr. (høgt)	1000	1300	1600	1800	2200	2200

1 <https://www.gbgc.com/>

2 <https://h2gc.com/>

Estimert uregulerte selskap 2018 (basert på fem kjelder)



# Avgjerd i pyramidesaker

Lotteritilsynets praksis i pyramidesak blei i 2018 stadfesta av domstolen.

Dette er viktig fordi det er den første dommen om gjeldande pyramideregelverk. Den er i tråd med forvaltningspraksisen til Lotteritilsynet og Lotterinemnda i saker om pyramidespel og pyramideliknande omsetningssystem.

## World Ventures

I 2014 gjorde Lotteritilsynet grundige vurderingar av selskapet World Ventures. Resultatet var vedtak om at sal av medlemskap, og av produktet Dream Trips, måtte stoppe fordi drifta var i strid med lotterilova § 16, som forbryr ulovlege pyramidar. Inntektene til World Ventures kom nemleg for det meste frå verving av deltakarar i omsetningssystemet, og ikkje frå forbruk av varer, tenester eller andre ytingar.

World Ventures meinte vedtaket var ugyldig, og klaga til Lotterinemnda, men fekk ikkje medhald i klagan. World Ventures saksøkte deretter staten, fordi dei meinte vedtaket i Lotterinemnda var ugyldig.

Oslo tingrett frikjende staten ved Kulturdepartementet i dom frå 2016. Borgarting lagmannsrett forkasta anken frå World Ventures i dom av 5. mars 2018. Högsteretts ankeutval fann 12. juni 2018 einstemmig at det ikkje var tilstrekkeleg grunn til å fremme saka for Högsterett. Dommen frå Borgarting lagmannsrett er dermed rettskraftig.

Sidan pyramideregelverket bygger på eit EU-direktiv om urimeleg handelspraksis, vil dommen også kunne få innverknad på saker i andre land i Europa.

## Lyoness

Lotteritilsynet gjorde 31. mai 2018 vedtak om at Lyoness Norway AS og Lyoness Europe AG måtte stanse all drift av, deltaking i og utbreiing av verksemda dei driv i Noreg, fordi det er eit ulovleg pyramidespel. I vedtaket har Lotteritilsynet lagt til grunn at inntektene frå Lyoness' verksemnd i Noreg i hovudsak stammar frå verving av deltakarar og ikkje sal av produkt. Vedtaket ramma meir enn 150 000 norske deltakarar og 1 000 lojalitetsbedrifter.

Lyoness klaga vedtaket inn til Lotterinemnda som 27. januar 2019 gjorde vedtak om å ikkje ta klagan til følgje. Det betyr at Lyoness må stanse all drift av, deltaking i, og marknadsføring av verksemda i Noreg.



# Aksjon mot ulovleg pokerspel

Lotteritilsynet fekk i 2018 om lag 60 tips om ulovlege poker-arrangement i Noreg. Tipsa omhandla alt frå avgrensa ulovlege pokerturneringar til større organiserte og ulovlege pokerklubbbar.

Vi fekk mange tips om ulovlege pokerklubbbar i Oslo med informasjon om at det blei spelt poker heile døgnet, at det blei spelt på kredit, og at fleire av klubbanne hadde kontakt

med kriminelle pengeinnkrevjarar. På bakgrunn av tipsa innleia Lotteritilsynet eit samarbeid med politiet i Oslo for å få stansa den ulovlege verksemnda. Samarbeidet ført til at politiet 1. mars 2018 aksjonerte mot fem pokerklubbbar i Oslo. Alle klubbanne blei stengt. Lotteritilsynet hjelpte politiet før, under og etter aksjonen.

# Apple fjernar ulovlege pengespel-appar

Lotteritilsynet informerte i fjar Apple om at fleire pengespel-appar bryt med norsk lov.

Den norske einerettsmodellen inneber at berre Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har løyve til å tilby, marknadsføre og formidle pengespel på nett. Som eit ledd i arbeidet med å stoppe det ulovlege pengespeltildaket og marknadsføringa frå pengespelselskap utan løyve i Noreg såg Lotteritilsynet våren 2018 på kva ulike app-butikkar på nett tilbydde av pengespel-appar. På bakgrunn av dette tok Lotteritilsynet i juni 2018 initiativ til å opprette dialog med Apple Inc. (Apple), slik fleire andre europeiske land har gjort før oss.

## Apple iverksette tiltak

Pengespel-appar er ein viktig portal inn til alle operatørar av nettbaserete spel. Appane gjer at spelaren får tilgang til spela raskare, og dei blir lettare tilgjengelege. Dette er òg ein effektiv marknadsføringskanal for operatøren.


Apples eigne retningslinjer, «App Store Review Guidelines», er tydelege på at pengespel-appane i App Store skal ha nødvendig lisens i landa der dei blir tilbydde. Lotteritilsynet informerte i

juni 2018 om at ei rekke pengespel-appar i App Store bryt med det norske regelverket. Vi oppfordra i denne samanheng Apple til å undersøke om appane i App Store var i samsvar med dei interne retningslinjene. Apple bad tilsynet stadfestje kva for appar som er i strid med norsk lov, og informerte deretter om at dei ville sette i verk tiltak mot pengespel-appar som bryt med regelverket i Noreg.

## Dialog gir resultat

Tilsynsverksemd gjennom dialog framfor den tradisjonelle forvaltningsrettslege tilnærminga med pålegg om retting eller stans har synt seg å vere effektivt. Det gjeld spesielt når vi står overfor aktørar som leverer ei plattform som alle innanfor visse rammer kan fylle med innhald.

Ei slik form for tilsyn med marknaden krev i større grad jamleg oppfølging og kontroll, sjølv etter at det ulovlege innhaldet er fjerna, for å kontrollere om det er publisert nytt innhald i strid med norsk pengespelregelverk.



# Tilsynet er aktive i internasjonale forum

Lotteri- og stiftelsestilsynet har bygd opp spesialkompetanse innan tilsyn og forvaltning av lotteri og pengespel i Noreg som er ettertrakta i utlandet.

Styresmakter frå andre delar av verda kontaktar gjennom året Lotteritilsynet med spørsmål om hospitering, opplæring, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling. Vi får også invitasjonar til å delta og bidra på konferansar og seminar i utlandet. I slike tilfelle vurderer vi invitasjonane opp mot kva slags utbytte deltakkinga gir oss, og korleis vi kan bidra.



Trude Felde er president i IAGR.

## Samarbeid i mange former

Internasjonal deltaking og internasjonalt samarbeid kan skje i form av

- deltaking i internasjonale organisasjonar for reguleringsstyresmakter
- deltaking på internasjonale messer for brukargrupper
- fagleg samarbeid med andre land i form av forum, arbeidsgrupper eller hospitering
- to faste årlege nordiske møte: eitt på direktørnivå og eitt på saks-handsamarnivå

Internasjonal deltaking og internasjonalt samarbeid skal vere målretta og gi oss betre kompetanse på både kort og lang sikt. Såleis er det viktig å vurdere tidsbruk og kostnader opp mot formålet samt sjå på kven som skal delta.

## Noreg har presidentskapet i IAGR i 2019

Lotteritilsynet er i dag aktive i GREF (Gaming Regulators' European Forum) og IAGR (International Association of Gaming Regulators). Begge er internasjonale medlemsorganisasjonar for styresmakter på pengespelområdet.

Både GREF og IAGR arrangerer ein årleg konferanse, men har også arbeidsgrupper som jobbar gjennom heile året for å betre og styrke samarbeidet mellom medlemslanda. Lotteritilsynet er også aktive i EASC (European Association for the Study of Gambling), som arbeider for å styrke dialogen mellom medlemmene om fleire problemstillingar på pengespelområdet. EASC arrangerer konferanse kvart andre år.

Lotteritilsynet var i 2018 representert med styremedlemmer i både GREF, IAGR og EASC, og sidan september 2018 har Trude Felde frå Lotteritilsynet vore president i IAGR.

# Difor kan loot boxes i dataspel bli omfatta av lotterilova

Etter at det i stadig fleire dataspel er blitt mogleg å kjøpe seg fordelar med ekte pengar vurderer myndighetene i fleire land om spela fell inn under definisjonen av lotteri og pengespel.

## Pengespel eller dataspel?

Eit spel fell inn under det gjeldande lotteri- og pengespelregelverket i Noreg dersom spelaren kan vinne ein premie av økonomisk verdi, det kostar pengar å delta i spelet, og spelet har eit heilt eller delvis tilfeldig utfall.

Sosiale nettverksspel er eit omgrep som blei innført i ekspertgrupperapporten «Grenselausse pengespel» fra Hamarutvalet i 2014. Den gongen såg styresmaktene primært på små spel på sosiale plattformer. I dag er det naturleg å legge også andre spel inn i omgrepet, til dømes dataspel som inneholder element som liknar pengespel. Spela er ofte heilt gratis, men det kan vere mogleg å gjøre kjøp i spelet. Enkelte av spela har premiar av økonomisk verdi og kan derfor falle inn under verkeområdet til lotteri- og pengespellovgivinga.


## Forum for spilltrender

Kulturdepartementet har tidlegare bedt Lotteritilsynet etablere ei tverrfagleg gruppe sett saman av Lotteritilsynet, Forbrukartilsynet, Medietilsynet og representantar for forsking, bransje og teknologi. Gruppa har fått namnet Forum for spilltrender, og dei følger utviklinga av og deler kunnskap om sosiale nettverksspel.

## Loot boxes er i gråsona

Kulturdepartementet arbeider med å lage ny pengespellov og ønskjer å vurdere om, og eventuelt korleis, sosiale nettverksspel skal regulerast i den nye lova. I samband med dette blei Forum for spilltrender bedt om å levere ein rapport med bakgrunnsinformasjon om spel som ligg i ei gråsona mellom pengespel og dataspel, til dømes såkalla loot boxes.

I rapporten peiker forumet på at det finst ulike typar loot boxes som skil seg frå lotteri fordi dei hører til i ei virtuell verd der både innskot og gevinst kan vere virtuelle. Sjølv om loot boxes kan minne om tradisjonelle lotteri, passar dei ikkje heilt inn i dagens legaldefinisjon. Det er ikkje juridisk avklart om gjeldande lotterilov er meint å omfatte loot boxes og liknande gråsonekonsept.



# Tryggare innlogging og personlege tapsgrenser

Nordmenn si spelelyst skal dekkast av tilbodet frå aktørane som er har løyve i Noreg. Dette er målsettinga frå styresmaktene. Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har sett i verk tiltak for tryggare spel.

I Noreg blir vi møtt av omfattande marknadsføring av pengespel frå både lovlege og ulovlege aktørar, og mange har vanskeleg for å skilje mellom kva som er lovleg og ikkje. Men det er berre Norsk Tipping og Norsk Rikstoto som har løyve til å tilby pengespel til nordmenn. Dei negative konsekvensane av pengespel kan vere alvorlege, både for den som spelar, og for den nærmaste familien. Derfor har dei statlege tilbydarane eit stort ansvar for at så få som råd utviklar speleproblem som følge av deira pengespeltilbod.

Ei av Lotteritilsynets oppgåver er å ha streng kontroll med denne marknaden. Også i 2018 har vi hatt tett oppfølging av begge selskapene.

## Ny og tryggare innloggingsløysing for Multix og Belago i 2019

Norsk Tipping har i all hovudsak gode system for å tilby spel i trygge og kontrollerte former, men det er viktig at Norsk Tipping kjenner til og tar tak i risikoar som hindrar målet om ein forsvarleg balanse mellom eit attraktivt og eit ansvarleg pengespeltilbod.

I Lotteritilsynets rapport til Norsk Tippings generalforsamling i 2018 bad vi selskapet om å følge nøye med på spelarar som tapar mykje. Omsetninga for spel med høgare risiko aukar, og konsekvensen er ein auke i talet på spelarar med risikofylt speleåtfert. Dette gjeld kasinospela til Norsk Tipping, men også for Liveoddsen kjem bidraget til nettoomsetninga i all hovudsak frå spelarar som er i risikogruppa.



I ein revisjon av Norsk Tipping konkluderte Lotteritilsynet med at innloggingsløysinga på Multix og Belago ikkje var trygg nok. Det har vist seg at mange spelarar bruker andre sine spelekort for å omgå tapsgrenser. Dette undergrev føresetnadene og rammene for ansvarleg spel. I 2019 blir det derfor innført ny og tryggare innloggingsløysing på Multix og Belago, og det fysiske spelekortet blir erstatta med to-trinns innlogging med mobil.

## Søkelys på marknadsføring og registrert spel

Vi gjennomfører kvart år revisjon av marknadsføringa til Norsk Tipping. Det omfattar også krav til informasjon om uheldig speleåtfert. Revisjonen i 2018 sette søkelyset på måling av omfang og effekt av marknadsføringa. Konklusjonen var at Norsk Tipping har kontrollar som kan avdekke om marknadsføringa går lenger enn nødvendig for å hente spelarar frå den ulovlege marknaden. Revisjonen avdekte likevel to avvik, det eine frå retningslinjene for marknadsføring og det andre frå reglar for spel i elektroniske kanalar.

I 2018 har Lotteritilsynet anbefalt at Norsk Tipping finn ei løysing for registrert spel på papirbaserte Flax-lodd. Registrert spel på Flax vil gi selskapet fullstendig og effektiv overvaking av speleåtfert for alle kundar.

## Registrert spel og personlege tapsgrenser på hesteveddeløp

I 2018 har det vore sentralt for Lotteritilsynet å vurdere korleis Norsk Rikstoto oppfyller kravet til å førebygge, oppdage og reagere på uheldig speleåtfert slik det går fram av konsesjonen.

Grunnlaget for eit ansvarleg speltilbod er registrering og sikker identifisering av den enkelte spelar. Dette har Norsk Rikstoto fått på plass i alle salskanalar. Dei har også etablert ei løysing for fastsetting av personlege spelebeløp per dag, veke og månad, og ein funksjon for å ta pause frå spel.

Norsk Rikstoto fekk i 2018 utsetting og dispensasjon frå kravet om totalgrense innan 1. januar 2019, og dei får dermed betre tid til å finne rett nivå på totalgrensa ut frå reelle spelardata. Ny frist for innføring er sett til 1. januar 2020.

## Strengare internkontroll i Norsk Rikstoto

Lotteritilsynet har i 2018 gjennomført revisjon av marknadsføringa og krav som går fram av reglar for spel i elektroniske kanalar. Dette omfattar krav til informasjon om negative konsekvensar av pengespel. Revisjonen viste at Norsk Rikstoto har forsterka internkontrollen som sikrar oppfylling av krava til marknadsføring, samanlikna med året før. Likevel avdekte vi at kontrollen med publisering i sosiale medium bør bli betre. Konklusjonen blei eitt avvik og éin merknad.

# Kampfiksing - ei global utfordring

Kampfiksing er ei global utfordring vi må ta på alvor. Det er avdekt manipulering av idrettskonkurransar i fleire europeiske land. Det er naivt å tru at dette ikkje også skjer i Noreg.

## Søkelys på kampfiksing

Omsetninga av norsk idrett på den internasjonale spelmarknaden blir berekna til milliardar av kroner, fordi visningsrettar blir selde til andre land og andre kontinent. Kampfiksingseininga i Lotteritilsynet set derfor søkelyset på manipulering av idrettskonkurransar og koordinerer dette arbeidet i Noreg.

## Heile verda er med

Fleire land arbeider med å etablere nasjonale plattformer mot manipulering av idrettskonkurransar. Noreg bidrar aktivt til at dei har eit best mogleg kunnskapsgrunnlag når plattformene blir etablert.

Den tredje internasjonale konferansen mot manipulering av idrettskonkurransar i regi av Europarådet blei arrangert i september 2018. Her deltok også dei involverte aktørane frå Noreg. Konferansen hadde stor oppslutning med deltaking også utanfor Europa.

## Meir kunnskap

Internasjonale selskap og organisasjoner tek manipulering av idrettskonkurransar på stadig større alvor. Vi opplever at kunnskapen aukar, og at vi dermed får tilgang på betre og meir relevant informasjon.

Etter ønske frå IOC bidrog Lotteritilsynets kampfiksingseining til nøy overvaking av OL i Pyeongchang i 2018. Vi var bindeleddet mellom dei nasjonale plattformene og hadde ansvaret for å utarbeide prosedyrar og avklare risikoar før arrangementet.

## Forpliktande handlingsplan

Handlingsplanen mot kampfiksing i idretten frå 2013 var avgjerande for å komme i gang med dette arbeidet, og han forpliktar idrettsorganisasjonane, spelselskapa og offentlege styresmakter i Noreg.

Handlingsplanen la grunnlaget for eit tett samarbeid. Erfaringane så langt er at samarbeidet fungerer, og at vi langt på veg har gjennomført dei tiltaka som handlingsplanen pålegg idretten, spelselskapa og offentlege styresmakter. 2018 blei avslutta med møte i samarbeidsforumet, der alle aktørane diskuterte tankar om og idear til korleis vi skal handtere utfordringane i framtida.



# Vi fordelte 2,5 milliardar kroner i 2018

Dette var 1,4 milliardar som generell momskompensasjon, nær 800 millionar frå overskotet til Norsk Tipping, og over 300 millionar som momskompensasjon til idrettsanlegg.

## 64 millionar meir frå Norsk Tipping

I søknadsåret 2018 var tilskotet til samfunnsvyttige og humanitære organisasjonar frå Norsk Tippings overskot på 794,4 millionar kroner. Det er om lag 64 millionar kroner meir enn i 2017. Midlane fordelte seg slik:

- Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp (3B) fekk utbetalt 425,4 millionar kroner for å sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver blir vidareført.
- Basert på inntekter frå gevinstautomatar i 2001 fekk store humanitære organisasjonar (7H) utbetalt 147,3 millionar utan søknad, og 346 andre organisasjonar fekk 48,3 millionar etter søknad.
- 173,7 millionar kroner gjekk til 20 samfunnsvyttige og humanitære organisasjonar som ikkje hadde automat-inntekter i 2001.

## Ny forskrift og ny ordning frå 2018

Ny forskrift om tilskot til samfunnsvyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping blei gjort gjeldande frå 7. mai 2018. Med den nye forskriften kom det frå 2018 på plass ei permanent ordning som gjeld både for dei organisasjonane som hadde automatinntekter i 2001, og for organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Tilskotet, som midlertidig skulle gi organisasjonar økonomisk kompensasjon for tapte automatinntekter, skal gjennom den nye permanente ordninga leggast om. Det skal no bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver som store, landsdekkande organisasjonar utfører på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp og støttearbeid samt natur-, miljø- og dyreværn. I tillegg skal ordninga sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver blir vidareført. Som ei forlenge overgangsordning i 2018 har likevel organisasjonar (utanom 3B) som hadde automatinntekter i 2001, fått kompensasjon for bortfall av automatinntekter.

## Momskompensasjon til 24 000 organisasjonar

Søknadssummen for den generelle momskompensasjonsordninga nærma seg 2 milliardar kroner i 2018. Vi tok imot 1 730 søknader på til saman 1,977 milliardar kroner. Av dei blei 1 554 godkjent, og organisasjonane fekk utbetalt 1,422 milliardar kroner etter ei avkorting på 25,45 prosent. I overkant av 24 000 organisasjonar tok del i ordninga i 2018.

176 søknader blei trekt, avvist eller avslått. Årsakene fordeler seg slik:

	2016	2017	2018
For sterkt næringstilknyting	5	5	1
For sterkt tilknyting til det offentlege	6	9	1
Anna	5	4	1
For sterkt privat tilknyting	2	7	3
Organisasjonen var ikkje i målgruppa	8	9	4
Manglar ved søknaden	10	7	7
For lite frivillig innsats	9	4	9
Søkt etter søknadsfristen	20	16	17
Søknadsbeløp under minstegrense	24	19	20
Manglande registrering i frivilligregisteret	27	24	38
Underledd søkte direkte til Lotteritilsynet	45	58	75
	161	162	176

I tillegg til reine avslag/avvisinger gjer vi ein del reduksjonar i søknadssummane. Det skuldast i hovudsak skjønnsmessige vurderingar av størrelsen på frådragspostar. Til saman blei søknadssummen redusert med 69,3 millionar kroner.


## Fleire søknader i 2018

Både tal søknader, deltakande organisasjonar og søknadssummen aukar kvart år. Søknadssummen auka med 6,1 % frå 2017 til 2018, frå 1,864 milliardar til 1,977 milliardar kroner. Trass i at stadig nye søkerar og underledd kjem inn i ordninga, ser vi at auken i søknadssum i hovudsak skuldast at eksisterande søkerar har aukande aktivitet og dermed auka kostnader.



Det er i samsvar med formålet med ordninga at midlane skal nå ut til stadig fleire organisasjonar i frivillig sektor. Det er derfor gledeleg at vi ser ein stadig auke i søknader og inkluderte underledd. Om denne utviklinga held fram, vil talet på organisasjonar snart bli dobla samanlikna med starten i 2010, då 13 000 organisasjonar tok del i ordninga. Som før skuldast det meste av auken i tal organisasjonar at sentralledda tar med stadig fleire av underledda i sin samla søknad. Tabellen viser utviklinga dei siste åtte åra.

Søknadsår	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal søkerar	907	1 079	1 189	1 351	1 448	1 558	1 730
Tal organisasjonar	16 188	17 863	18 900	20 626	22 653	23 486	24 055
Tildelt/ramme (NOK 1000)	619 583	940 966	1 191 554	1 222 201	1 290 951	1 319 002	1 422 459
Søknadssum (NOK 1000)	1 306 265	1 422 920	1 484 043	1 597 299	1 720 704	1 864 335	1 977 442
Godkjend søknadssum (NOK 1000)	1 267 446	1 346 466	1 435 692	1 561 339	1 691 005	1 811 591	1 908 111
Avkorting i %	51,1	30,1	17,0	21,7	23,7	27,2	25,5
Tal avslag / avviste søknader	111	160	149	174	161	162	176

Momskompensasjon (generell ordning) i tal søkerar



Momskompensasjon (generell ordning) i millionar kroner



## Momskompensasjon til idrettsanlegg aukar

Ordninga med momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg blir forvalta av Lotteritilsynet. I 2018 fekk vi 490 søknader med ein søknadssum på 308 millionar kroner. Det har vore ein jamn auke frå 78, som var tal søknader i 2010. Godkjend søknadssum var 304 millionar kroner, og medrekna ekstra-løyvingar på 119 millionar kroner blei det inga avkorting i 2018.



Åtte søknader blei avvist, og åtte blei trekt. Avslaga fordeler seg slik:

	2016	2017	2018
Søknadsbeløp under minstegrensa	4	4	0
Ikkje rett søknadsobjekt	4	9	1
Mangla revisoratest	7	19	6
Andre manglar ved søknaden	8	21	9
	23	53	16

Reduksjon i tal avvisningar og avslag heng truleg saman med at vi tok i bruk nytt anleggsregister og elektronisk søknadsskjema i 2018. Erfaringa så langt er at det nye anleggsregisteret og søknadsskjemaet sikrar betre kvalitet på søknadene og meir informasjon til sakshandsamar. Det er lite skjønn knytt til denne sakshandsaminga, men det er framleis ein del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging under sakshandsaminga.

## Søknadssummen aukar mest

Sjølv om tal godkjende søknader berre auka med 3,3 % frå 459 i 2017 til 474 i 2018, auka godkjend søknadssum med nesten 80 %, frå 169 millionar kroner til 304 millionar kroner i 2018. Vi ser at den totale søknadssummen for søknadsåret blir påverka av om det blir søkt om kompensasjon for store anlegg. Det er derfor vanskeleg å seie noko om forventa søknadssum for 2019. I 2019 er ramma for ordninga på 189,4 millionar kroner.



# Mista retten til å få grasrotpengar

Lotteritilsynets tilsyn med grasrotordninga førte i 2018 til at ti grasrotmottakarar mista retten til deltaking i ordninga. Dermed går dei glipp av delar av potten på 649 millionar kroner. Fleire toppklubbar i Eliteserien fekk ei åtvaring.

Sidan Lotteritilsynet fekk ansvaret for tilsyn i 2013, har 130 organisasjonar mista retten til deltaking i ordninga. Til saman 1,9 millionar kroner er betalt tilbake.

## Dette er Grasrotandelen

Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og er godkjend grasrotmottakar. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

## Ny forskrift

Gjeldande frå 1. januar 2018 kom ei ny forskrift som understreka at Grasrotandelen i størst mogleg grad skal kome lag og foreiningar med frivillig aktivitet til gode. Det blei presisert at grasrotmidlane ikkje skal kome nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode. Dei skal heller ikkje verke konkurransevidande.

Lotteritilsynet fekk gjennom den nye forskrifa også betre heimlar for å føre tilsyn med ordninga. Likevel skal grasrotordninga framleis vere ei enkel, ubyråkratisk lågterskelordning for lokale og regionale lag og foreiningar.

## Grasrottilsyn med eliteserieklubbane

Våren 2018 oppretta Lotteritilsynet tilsyn med klubbar i Eliteserien som får midlar frå Grasrotandelen. Bakgrunnen var endringa om at midlane ikkje kan brukast til økonomisk aktivitet som vrir, eller truar med å vri, konkurransen med verksemder som ikkje har rett på grasrotmidlar. Dette skal tolkast i samsvar med EØS-avtalens reglar om offentleg støtte.

Under tilsynet erfarte vi at dokumentasjonen hos eliteserieklubbane ikkje var tilstrekkeleg til å kunne konkludere med at grasrotmidlar blei brukt i strid med regelverket. Lotteritilsynet avslutta tilsynet med å informere om det nye regelverket og om at grasrotmidlar ikkje kan nyttast til eliteseriesatsing. Klubbane fekk informasjon om at dei for framtida må kunne dokumentere i rekneskapen at grasrotmidlane blir brukt på anna aktivitet enn deltaking i Eliteserien.

## Kraftig auke i grasrotordninga

Grasrotordninga til inntekt for frivillige lag og foreiningar i Noreg auka i 2018 med 42,6 prosent til 649 millionar kroner. Forklaringa er at Grasrotandelen blei auka frå 5 til 7 prosent frå 2018.

Sidan Grasrotandelen blei lansert i 2009, har totalt 3,7 milliardar kroner blitt utbetalt til grasrota. Om lag 30 000 lag og foreiningar deltek i ordninga. Tal givarar nærmar seg 1,2 millionar. Det er framleis over 800 000 spelarar som ikkje har valt seg grasrotmottakar, så vi forventar at tal grasrotmottakar vil auke framover.



## Utvikling og trendar på lotteri- og tilskotsområdet

Lotteri- og bingomarknaden i Noreg er prega av stabilitet. Det er ingen store endringar i tal aktørar og overskot til organisasjonane. Det er positivt at stadig fleire av brukarane våre nyttar elektroniske skjema i Altinn-portalen til både søknader og rapportering.

Effektivisering av sakshandsaminga på tilskotsområdet er viktig for å kunne styre ressursane dit risikoene for feil er størst. Vi har i større grad tatt i bruk avviksanalysar samt interne og eksterne registeropplysningar. Resultatet er at vi

no kan dokumentere vesentleg meir kontroll av organisasjonar som får tilskot, samtidig som vi kan bruke forenkla sakshandsaming for organisasjonar med låg risiko. Dette er verdifull erfaring som vi skal bruke i arbeidet med utvikling av eit nytt fagsystem.

Den nye kontakt- og tipstenesta har fått god mottaking blant brukarane, og fleire bruker no denne til rask og effektiv kontakt med tilsynet. Tenesta bruker Zendesk som basisverktøy.



## Dette brukte vi tid på i 2018

- Oppfølging av store lotteri (§ 7-lotteri) med omsetning opp til 300 millionar kroner.
- Evaluering og forbetring av Lotteritilsynets elektroniske skjema i Altinn-portalen.
- Ferdigstilling av framlegg til endringar i bingoforeskrifta.
- Vidareutvikling av Lotterieregisteret som sakshandsamingsverktøy.
- Endring og forbetring av forskrift om momskompensasjon og av forskrift om fordeling av Norsk Tippings overskot. Arbeidet er gjort i samarbeid med Kulturdepartementet, og begge forskriftene er no gjeldande.

## DET SKJER I 2019

- Endringar i bingoforeskrifta gjeld frå 11. januar 2019. Dette krev meir kontroll av spel samt meir informasjonsarbeid retta mot bingoentrepenørane.
- Lotteritilsynet skal drive informasjonsarbeid i samband med innføring av ny forskrift om momskompensasjon og forskrift om fordeling av Norsk Tippings overskot. Dette omfattar mellom anna kursverksemd, rettleiing og tilrettelegging av informasjon.
- Lotteritilsynet skal lage eit nytt system for sakshandsaming av tilskot. Det nye systemet skal nyttast til å handtere momskompensasjon og fordeling av Norsk Tippings overskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, og skal legge til rette for risikobasert og automatisert sakshandsaming. Det er òg behov for å få på plass ei ny teknisk plattform. Med eit nytt sakshandsamingssystem står vi betre rusta for å handtere framtidige endringar.
- Vi skal bidra i arbeidet med oppfølging av den nye stortingsmeldinga om den statlege frivilligheitspolitikken, «Frivilligheita – sterkt, sjølvstendig, mangfaldig». Arbeidet med å lage nytt sakshandsamingssystem inngår i eit overordna prosjekt der vi greier ut og spelar inn forslag til korleis vi kan forenkle, samordne og effektivisere tilskotsordningane i tråd med målsettingane i frivilligmeldinga.
- Lotteritilsynet skal bidra i arbeidet med ny pengespellov.

# Valde stiftsesforma for stabilt og langsiktig eigarskap

I 2018 blei det oppretta 91 nye stiftelsar i Noreg. Dette omfattar både legat til gode formål og større stiftelsar som eig verksemder.

## Stabilt eigarskap


Stiftelsestilsynet godkjende 18. desember 2018 registrering av ein ny, stor næringsdrivande holdingstiftelse: Stiftelsen Erik Jølberg. Stiftelsen blei oppretta av Erik Jølberg 10. desember 2018.

Stiftelsen Erik Jølberg har 700 millionar kroner i grunnkapital. Det utgjer verdiane av 100 % av aksjane i Jølberg Holding AS med underliggende verksemder, m.a. omfattar dette Tess AS.

Stiftelsen har eit todelt formål:

- å utøve et stabilt og langsiktig eierskap i Jølberg Holding AS og dets underliggende virksomheter langs de hovedlinjer som Erik Jølberg har lagt til grunn for sin forretningsdrift
- å utdelle midler til allmennytige formål

Denne stiftelsen er ein av fleire som nyttar stiftsesforma til å sikre stabilt og langsiktig eigarskap. Stiftelsen har fellestrekks med Olav Thon Stiftelsen og O. Kavli og Knut Kavlis Allmen-



nyttige Fond, ved at også desse har todelt formål: å eige forretningsverksemdu og å dele ut midlar til gode formål.

At fleire bruker stiftsesforma til eigarskap i verksemder, er ei spennande utvikling.

## Fleire stiftelsar som skal støtte gode formål

I 2018 blei det registrert fleire stiftelsar som skal støtte gode formål. Blant desse er Vibeke Westbye Skofteruds Minnefond, som skal yte støtte til allmennytige og samfunnsgagnlege formål innan psykisk og fysisk helse.

Ein annan er Stiftelsen VI, som er oppretta av The Resource Group TRG AS med ein grunnkapital på 25 millionar kroner. Stiftelsen har som formål å bidra til at funksjonshemma får betre livssituasjon, helse og meistringstru samt blir integrert.

# Over 200 stiftelsar blei oppheva

Stiftelsestilsynet fekk 211 søknader om oppheving av stiftelsar i 2018, mot 219 året før.

## Ulik grunngiving

Grunngivinga for desse søknadene er ulike. Det skuldast at stiftelsane har svært ulike formål. For dei klassiske pengeutdelande stiftelsane (legata) heng oppheving ofta saman med at avkastninga på kapitalen ikkje er tilstrekkeleg til å tilgodesjå formålet på ein rimeleg måte. Ei anna årsak kan vere at stiftelsens formål ikkje lenger er aktuelt, og at det heller ikkje er grunnlag for å justere formålet gjennom vedtektsendring.

For stiftelsar som driv verksemdu eller annan aktivitet, heng ofte grunngivinga om oppheving saman med at grunnlaget for verksemdu eller aktiviteten har endra seg. Det kan for eksempel

vere at ein stiftelse som leverer helsetenester, ikkje vinn fram i ein ny anbodskonkurranse, eller at det offentlege ikkje lenger ønskjer tenesta til stiftelsen, f.eks. eldrebustadar. Grunnen kan òg vere at andre no tilbyr dei same tenestene, eller at det økonomiske grunnlaget for vidare drift har falle bort.

Ei anna årsak til oppheving kan vere at formålet rett og slett er oppfylt. Eit eksempel på det er ein innsamlingsstiftelse eller ein stiftelse som har til formål å reise eit grendehus. Det finst òg eksempel på stiftelsar som er oppretta med tidsavgrensna levetid, f.eks. 30 år, og desse blir oppheva når «levetida» er ute.

# Effektiviserte søknadssystemet i 2018

Stiftelsestilsynet jobbar strategisk med å effektivisere og digitalisere søknadane frå stiftelsane.

Vi har mellom anna arbeidd med å tilpasse eigne system for å automatisere og effektivisere sakshandsaminga av søknadane. Vi jobbar og med å gjere tilpassingar i samordna registermelding som vil gje stiftelsane ein kanal der det er enkelt å sende inn fullstendige søknadar.

Planen er at arbeidet skal ferdigstilla i løpet av første halvdel 2019. Målet er ei løysing som er enkel for stiftelsane og der vi kan føre effektiv kontroll.

## Færre saker

I 2018 fekk Stiftelsestilsynet totalt inn 724 omdannings-søknader, mot 769 i 2017. Sakene fordeler seg på 471 søknadar om vedtektsendring (513 i 2017), 211 søknader om oppheving (219), 40 søknader om samanslåing av stiftelsar (36) og to søknader om deling av stiftelse (1).

Det er ein liten nedgang i talet på innkomne saker av denne typen. Endringa ligg likevel innanfor normale svingingar.

## Mangefull dokumentasjon tek tid

Stiftelsestilsynets oppdrag er å føre kontroll med at stiftelsane faktisk balanserer opprettars hensikt med behov for utvikling. Det er dette vi gjer når vi handsamar søker om endring av stiftelse, altså omdanning. Om lag 90 % av søkerne som Stiftelsestilsynet handsama i 2018 vart godkjende. Men mange saker er mangefullt dokumenterte, og vi må difor ofte be om meir dokumentasjon. Det betyr lenger sakshandsamingstid og unødvendig meirforbruk av ressursar.

## 3 av 13 vedtak oppheva etter klage

Vedtak frå Stiftelsestilsynet kan klagast inn til Stiftsesklagenemnda. I 2018 fekk tilsynet 26 klager, som er ein nedgang på to frå 2017. Nokre av desse sakene blir omgjort eller trekt før dei går til klagenemnda.

Stiftsesklagenemnda gjorde vedtak i 13 saker i 2018. Av desse vart tre av vedtaka til Stiftelsestilsynet oppheva.

# Vi lukka over 50 avvik i systemkontrollar

Stiftelsestilsynet avdekker avvik gjennom områdeovervaking av eigne eller andre system og register.

Gjennom systemkontrollar følger vi opp avvik som er avdekte gjennom områdeovervakainga vår i eigne eller andre system og register. I 2018 følgde vi opp 54 slike avvik. Det er ein nedgang på 23 frå 2017. Avvikene fordeler seg slik:

Type avvik	Tal
Manglande registrering av styre	7
Manglande registrering av revisor	23
Svak/manglande registrering av heimel til fast eigedom	8
Manglande levering av års-rekneskap	16

Dei fleste avvika blir lukka med ei eller fleire oppmodingar til stiftelsane. Dersom avvika ikkje blir lukka, vurderer vi å varsle styremedlemmene og gjere vedtak om styreavsetting. I 2018 har vi varsla styreavsetting i to saker.

# Meir tryggleik for testamentsstiftelsar

Under arbeidet med ny arvelov har vi vurdert og drøfta viktige spørsmål om stiftelsar som er oppretta ved testament.

## Ny arvelov

I juni 2018 la Justis- og beredskapsdepartementet fram Prop. 107 L, lov om arv og dødsboskifte (arveloven). Denne omfattar også lovgiving om skifte av dødsbu. Problemstillingane som gjeld for stiftelsar oppretta ved testament, er omtala i eit eige kapittel i proposisjonen. Det skjer på bakgrunn av innspel frå Stiftelsestilsynet. Forslaget til ny arvelov inneheld dessutan ei rekke nye særforesegner. Formålet med desse er at stiftelsane sine interesser under skifte av dødsbu skal sikrast betre enn dei blir etter gjeldande lov.

Den nye arvelova er enno ikkje vedtatt, men uansett er Stiftelsestilsynet godt nøgd med at ei viktig problemstilling er grundig handsama og vurdert av departementet i samband med utarbeidninga av den nye lova.

## Testamentstiftelsar

Historisk sett har det vore vanleg å opprette stiftelsar i testament. Gjennom arbeidet vårt med registrering av nye stiftelsar ser vi at mange framleis har som sin siste vilje at heile eller delar av arven skal gå til ein stiftelse som skal opprettast når vedkommande dør.

I utgangspunktet vil ein slik stiftelse vere ein alminneleg arving, med alle rettar som ein arving har etter skiftelova. Likevel kan desse stiftelsane oppleve særlege utfordringar fordi dei først blir etablert når opprettar dør.

Vi har i mange saker sett at stiftelsar som er oppretta i testament, blir fråtatt heilt grunnleggande arve- og skifterettslege rettar. Det har i praksis ført til at desse stiftelsane stått utan rettstryggleik under skiften av opprettars dødsbu.

Forslaget til ny arvelov vil skape meir tryggleik for testamentstiftelsar.

# Tydelege forventningar til kapitalforvaltninga

I 2018 har vi gjennomført prosjektilsyn med kapitalforvaltninga til 20 stiftelsar.

## Utvalde stiftelsar

Prosjektilsyn er tilsyn vi opprettar basert på det totale kunnskapsgrunnlaget til Stiftelsestilsynet og særskild erfaring frå eigen praksis. Prosjektilsyna tar utgangspunkt i forhold som vi meiner utgjer ein større risiko for fleire stiftelsar. I prosjektet fører vi då enkeltilsyn på eit utval stiftelsar knytt til den aktuelle problemstillinga.

## Forsvarleg forvaltning

Stiftelleslova stiller krav om at kapitalforvaltninga skal være forsvarleg. Det inneber at stiftelsane skal ta omsyn til både mogelegheit for avkastning og sikkerheit ved plassering.

I dette prosjektilsynet var det to grupper, den eine med eigenkapital på mellom fem og ti

millionar kroner, den andre mellom 20 og 50 millionar kroner. For gruppa med høgast eigenkapital fann vi ikkje avvik. Vår vurdering var at stiftelsene her tok omsyn til både mogelegheit for avkastning og sikkerheit.

Stiftelsane med eigenkapital på mellom fem og ti millioner kroner hadde derimot fleire utfordringar med kapitalforvaltninga. Fire av fem av desse stiftelsane forvalta midlene i bank. Oppnådd avkastning varierte, men felles var at dei vektla sikkerheit på bekostning av mogelegheit for avkastning. Desse stiftelsane bør derfor vurdere om ei annen plassering av midlane i større grad også kan ta omsyn til mogelegheitene for avkastning.

## Strategiplan

For å kunne forvalte stiftelsen og sikre formålsrealisering i eit langsiktig perspektiv må styret utarbeide ein plan med strategi for kapitalforvaltninga. Ein slik plan er eit viktig styringsverktøy for stiftelsen, og må ta omsyn til korleis formålet for stiftelsen skal realiserast, samt dei krav som blir stilt i lov og vedtekter.

# Merksemd og effekt av store tilsyn

Stiftelsestilsynet har i 2018 hatt fleire store tilsynssaker der vi i større grad har nytta offentleggjering og kunnskapsdeling som aktivt verkemiddel i tilsynsarbeidet.

Dette har gitt effekt i form av auka kunnskap om og etterleving av krav hos fleire stiftelsar. Stiftelsestilsynets arbeid har også blitt meir synleg.

## Offentleg tilsyn

Ei sak som fekk mykje merksemd, var tilsynet med stiftelsen Fyrlykta. I denne saka synleg- og tydeleggjorde vi lovkrava knytt til kva som er rimeleg godtgjersle til leiing, og når transaksjonar for stiftelsar, spesielt med nærliggande, kan innebere ulovlege utdelingar.

I denne saka melde vi tilsynet offentleg og la tilsynsrapporten på nettstaden vår. Dermed gjorde vi kunnskap om lovverket samt konkrete krav og vurderingar tilgjengelege. I den konkrete saka etterlevde stiftelsen dei føringane som kom frå Stiftelsestilsynet, og følgde opp med rettingar og tiltak.

Ein annan sakstype som har fått merksemd, er saker der vi har sett ned styrehonorar i stiftelsane. I 2018 sette vi ned styrehonoraret i to stiftelsar. Erfaringane frå desse sakene, frå Temaunderøkinga 2017 og frå saken i 2017 er samla på nettstaden vår.

## Høgare tempo i tilsynssakene

I 2018 avslutta vi 89 enkeltilsyn. Det er ein auke på 23 frå 2017. I desse tilsyna kritiserte vi styrets forvaltning i om lag halvparten av sakene.

I 2018 har vi også jobba med arbeidsmetodikken i tilsynssakene, og vi har som mål å drive effektivt tilsynsarbeid. Vi ser at gjennomsnittstida vi bruker på enkeltilsyna, går ned.

Av og til er det nødvendig å følge opp enkelte stiftelsar i tilsynssaker for å sikre at stiftelsane driv forsvarleg. I eit enkeltilsyn undersøker vi om styret forvaltar stiftelsen forsvarleg. Vi gjer heile tida risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Ser vi at det ikkje er grunn til å følge opp styret, avsluttar vi saka så raskt som mogleg. Dei fleste sakene avsluttar vi etter at styret har gjort greie for forvaltninga, med enten rettleiing eller kritikk.


I dei meir alvorlege sakene må vi bruke formelle reaksjonar. I 2018 har Stiftelsestilsynet gjort vedtak i to saker om å skifte ut styret og sette ned styrehonorara.

## Strategisk arbeid for å styrke det samla tilsynet

I 2018 har vi jobba aktivt med å styrke det samla tilsynet med stiftelsane.

Dette gjer vi mellom anna gjennom å

- ta kontakt med og rettleie aktørar som har eit forhold til stiftelsane eller rammevilkåra for stiftelsane



- samordne tilsyn med andre offentlege organ
- stimulere til sjølvhjelp gjennom å dele informasjon på nettstaden vår om tilsynsarbeidet og om erfaringar frå dette

### Samordna tilsyn med andre tilsynsorgan

I tilsynsverksemda generelt, og spesielt i dei større sakene, har Stiftelsestilsynet i 2018 gjennomført samordna tilsyn saman med andre tilsynsorgan. Samarbeidsaktørane har m.a. vore Bufdir, Arbeidstilsynet, Skatteetaten og Politiet. Samarbeidet har bestått i informasjonsutveksling og samordning av myndighetsområda. Det har ført til at det enkelte tilsynet har fått auka kvalitet og effektivitet.

### Sjølvhjelp

Det beste er å hjelpe stiftelsane til å føre tilsyn sjølve. I 2018 har vi aktivt gjort informasjon om store tilsynssaker offentleg tilgjengeleg. Stiftelsestilsynet ønsker med denne kunnskapsdelinga at arbeidet skal ha effekt utover den enkelte tilsynssaka. Vi legg ut informasjon på nettstaden

vår om kva konkrete krav stiftelsane møter på ulike område. Slikt førebyggande arbeid kan bidra til at stiftelsane blir «sjølvhjelpne» på desse områda, og at vi kan bruke våre ressursar på kontroll der behovet er størst.

### Kunnskapsdeling

Desse verkemidla har samla sett ført til at Stiftelsestilsynet har fått meir effektive tilsyns- og kontrolltiltak der risikoen for, og konsekvensen av, lovbroter stor. Tilsynsverksemda har også fått effekt utover det enkelte tilsynet. Gjennom dette arbeidet kan andre stiftelsar sjå kva konkrete vurderingar som ligg i stifteseslova. På den måten blir det enklare å etterleve lovverket gjennom rettleiing og eigenkontroll, utan at det blir ført tilsyn.

Strategisk bruk av desse verkemidla har i 2018 bidratt til at tilsynsarbeidet har vore meir treffsikkert, og at fleire stiftelsar har fått på plass betre organisering av styrearbeidet og meir forsvarleg forvaltning. Arbeidet har tydeleggjort kva konkrete krav styra i stiftelsar må oppfylle.

### Innsynskrav

Med tilsynsarbeidet følger det ofte mediemerkeemd og innsynskrav. I 2018 har Stiftelsestilsynet handsama om lag 1145 innsynskrav. Talet er noko lågare enn i 2017, då det var om lag 1300, men likevel høgt og krev mykje ressursar.

## Stor interesse for innsamlingsstiftelsar

Fleire innsamlingsstiftelsar har fått stor merksemd i 2018, og våre tilsyn har bidratt til dette.

Stiftelsestilsynets tilsyn har det siste året sett fokus på både innsamlingsstiftelsar og andre organisasjonar som tar imot offentlege tilskot og innsamla gavemidlar.

Tilsynssakene med Stiftelsen Ordet og Stiftelsen Misjonen Jesus Leger sette soknelyset på kva lovmessige reglar innsamlingsstiftelsar skal og bør rette seg etter. Stiftelsestilsynet vil prioritere vidare arbeid med innsamlingsstiftelsar i 2019.

## Viktig at revisor er kjend med stiftesesforma

Revisor har ei viktig oppgåve ved revidering av stiftelsar.

### Behov for kunnskap

Vi har arbeidd for å auke kunnskapen om revisors plikter i samband med revidering av stiftelsane. Bakgrunnen er ei kartlegging som viser at vi mest truleg ikkje får kopi av alle brev revisorane skriv til stiftelsane. I melding frå uavhengig revisor skal stiftelsens revisor gi ein attestasjon på forvaltninga i stiftelsen og dei utdelingane stiftelsen har gjort (jf. stifteseslova § 44). For Stiftelsestilsynet er revisors rolle viktig, då revisoren gjennom sitt innsyn har god innsikt i forvaltninga av ein stiftelse. For å auke merksemda om dette har vi publisert ein artikkel i tidsskriftet Revisjon og Regnskap.

### Spørsmål ved 215 av 470

Vi har også undersøkt melding frå uavhengig revisor i 470 utvalde årsrekneskap for 2017. I desse mangla den særskilte uttalen for stiftelsar heilt i 35 av meldingane. I 180 av meldingane mangla uttalen delvis. Der vi har registrert at uttalen manglar heilt, har vi sendt brev til revisor. Vi kjem til å halde fram med dette arbeidet i 2019.

# Stiftsesregisteret - ei viktig informasjonskjelde

Vi brukar Stiftsesregisteret aktivt i tilsynsarbeidet, og omverda kan følge med på kva stiftelsane gjer. Openheit skaper tryggleik for stiftelsane.

## Kunnskapsformidling


I 2018 har vi gjort ein innsats for å løfte infrastrukturen til Stiftsesregisteret. Dette gjer det mogleg å samle og vise meir interessant informasjon om stiftelsane i registeret.

I dag inneheld Stiftsesregisteret også informasjon frå andre offentlege register, f.eks. Rekneskapsregisteret (eigenkapital), og informasjon om styreendringar og andre endringar i Einingsregisteret eller Føretaksregisteret. Brukaren kan sortere etter geografisk område, sektor, kapital osv.

## Færre stiftelsar, men meir kapital

Ved slutten av 2018 var 6 718 stiftelsar registrert i Stiftsesregisteret, ein nedgang på rundt 100 frå 2017. Trenden frå tidlegare år held fram: Talet på stiftelsar går ned, medan eigenkapitalen i stiftsessektoren går opp, frå kr 160 milliardar i 2016-rekneskap til kr 170 milliardar i 2017-rekneskap.

Det var 20 950 oppslag i Stiftsesregisteret i 2018. Av desse var 16 631 unike. Det er omrent like mange som året før.



## Ti største stiftelsar rekna etter eigenkapital i milliardar kroner

Stiftelse	Eigenkapital (rekneskap 2017)
Gjensidigestiftelsen	32 724
Olav Thon stiftelse	25 535
Sparebankstiftelsen DnB	13 748
Sparebanken Hedmark sparebankstiftelse	4 611
Sparebankstiftelsen SR-bank	3 529
Stiftelsen Fritt Ord	3 166
Bergens forskningsstiftelse	2 224
Stiftelsen SINTEF	2 112
Kristiansand kommunens energiverkstiftelse	1 899
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	1 874

# Tydelegare reglar for stiftelsar i ny kvitvaskingslov

Stiftelsestilsynet er opptatt av at rammevilkåra skal trygge stiftelsane.

Vi spelar derfor inn våre erfaringar og tilrådingar i fleire lovarbeid gjennom året.

## Ny kvitvaskingslov

Den nye kvitvaskingslova blei gjort gjeldande frå 15. oktober 2018. Stiftelsestilsynet leverte høyringsuttale i samband med lovarbeidet. Lova gjennomfører store delar av EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv. Financial Action Forces (FATF) 40 har tidlegare gitt tilrådingar om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering. Ei rekke av desse tiltaka er no komne med i den nye lova.

Ei hovudhensikt med lova er at rapporteringspliktige (f.eks. bankar) skal kjenne kundane sine, og å avklare kven som er reelle rettshavarar. Definisjonen på ein reell rettshavar er ein fysisk person som i siste instans eig eller kontrollerer kunden, eller som ein transaksjon eller aktivitet blir gjennomført på vegner av.

## Eige punkt for stiftelsar

Som for andre rettssubjekt er det i den nye lova vedtatt føresegner om kven som skal reknast som reelle rettshavarar i stiftelsar. I det opphavlege forslaget til lovtekst frå Hvitvaskingsutvalget var stiftelsar regulert saman med andre rettssubjekt, som til dels ikkje er lovlege i Noreg.

Stiftelsestilsynet var urolege for at uklare og uheldige føresegner ville skape mange tvilsspørsmål for stiftelsar og rapporteringspliktige ved tolking av regelverket. Vi peika på dette i vår høyringsuttale. Det blei i stor grad tatt omsyn til våre innspel ved utforminga av føreseggnene på området, og vi er godt nøgde med at departementet valde å liste opp kven som skal reknast som reell rettshavar i ein stiftelse, i eit eige punkt i lova, jf. § 14 (3).

# Hjelp til sjølvhjelp

Nettstaden vår skal vere eit naturleg førsteväl når styret i ein stiftelse skal løyse sine oppgåver, og når ein treng relevant informasjon om stiftelsar og stiftsesområdet.


## Oppgradering av nettstaden

Vi oppdaterer nettstaden vår regelmessig. I 2018 har vi strategisk satsa på prinsippet om å gi «hjelp til sjølvhjelp». Eksisterande nettekstar er revidert, og nye rettleiingar, verktøy og momentlister er under arbeid.

Informasjon på nettstaden skal i større grad enn tidlegare kunne brukast av stiftelsane som eigenkontroll av om organisering og forvaltning er i samsvar med stiftelseslovverket.

Også andre interessentar og aktørar skal finne relevante tema og avklaringar som fast tilgjengeleg informasjon her.

Prosjektet vil halde fram i 2019. Det strategiske målet er på sikt å utvikle mest mogleg sjølvbetente og digitaliserte løysingar for stiftelsar og andre.



## Brukarkontakt

Besøkstal for Stiftelsestilsynets nettstad er om lag 86 000 sidevisinger. Av dette er om lag 70 000 unike sidevisinger. Tala viser ein svak nedgang, frå ein topp i 2016 på 95 000 sidevisningar og 76 000 unike sidevisinger.

Via eit kontaktskjema på nettstaden kan brukarane stille spørsmål om dei ikkje finn den informasjonen dei treng. I 2018 svarte vi på 468 spørsmål via kontaktskjema. I tillegg svarte vi på 149 rettleiingssaker via e-post og brev til elektronisk postkasse.

# Andre ansvarsområde for Stiftelsestilsynet


Vi har fleire oppgåver som ikkje dreier seg om stiftelsar, men alle har det fellestrekket at vi verner om eit formål.

## Oppheve beslagsforbod og bandlegging av arv

I 2018 tok Stiftelsestilsynet imot 169 søknader om oppheving (omdanning) av beslagsforbod etter dekningslova og arvelova. Det er ein auke på heile 43 saker.

Dei siste åra har det vore ein betydeleg auke i desse sakene. Vi veit ikkje bakgrunnen, men har registrert ein tendens til at fleire testatorar/gåvegivarar har tatt inn slike klausular som standardtekst i testament, gjeldande for alle arvingar, utan at det har vore eit reelt behov for bandlegging/beslagsforbod.

Desse sakene er ressurskrevjande, og vi jobbar med å styrke arbeidsmetodikken for saker som gjeld private beslagsforbod etter dekningslova og bandlagt arv etter arvelova. Målet er å effektivisere og sikre forsvarleg sakhandsaming.



## Oppheve rådveldeavgrensingar og særeige

Stiftelsestilsynet kan etter søknad godkjenne at rådveldeavgrensingar (uråderettsklausular eller hefte) skal opphevast. Slike hefte kan vere

- forbod mot å selje ein eigedom
- forbod mot å pantsette ein eigedom
- forbod mot å dele ein eigedom
- forbod mot å selje der salskretsen ikkje er klart definert  
– eigedomen kan ikkje seljast ut av slekta
- særeige bestemt av ein givar eller arvelatar

Ein søknad om oppheving av slike hefte kan berre handsamast av Stiftelsestilsynet dersom den som har oppretta klausulen, ikkje lenger lever/eksisterer, og det heller ikkje finst personlege rettshavarar som kan samtykke til oppheving.

I 2018 tok Stiftelsestilsynet imot 33 slike søknader, det er fem færre enn i 2017.

## Samvirkeføretak – kraftsakene

Stiftelsestilsynet er tildelt kompetanse knytt til samvirkeføretak. Rolla vår er i korte trekk å kontrollere at omdanningar som medfører at medlemmene i eit samvirke får auka tilgang til føretakets midlar, bygger på sakleg grunn.

I 2018 handsama vi to slike saker og tok imot ein tredje søknad. Alle gjeld kraftlag. Hausten 2018 tok vi òg imot ei rekke spørsmål og tips om fordeling av midlar i kraftlag. Med bakgrunn i dette har vi publisert ein generell uttale som ligg på nettstaden vår.

# Digitalisering i tilsynet

Takten på digitaliseringsarbeidet har vore lågare enn ønskeleg i 2018. Dette skuldast redusert kapasitet og vakante stillingar. Vi har likevel sett i verk mange gode tiltak.

## Anleggsregisteret

Første versjon av anleggsregisteret blei utvikla på oppdrag frå Kulturdepartementet i 2017. Det skulle erstatte eit gammalt system som var utdatert og vanskeleg å vedlikehalde. Anleggsregisteret er eit system for å forvalte Kulturdepartementets tilskotsordningar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, til kulturarenaer samt til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter. Arbeidet med anleggsregisteret blei vidareført i 2018, og endeleg versjon blei levert innan fristen 1. april 2018.

**Gevinst:** Gevinsten ligg først og fremst hos søker, kommune, fylkeskommune og Kulturdepartementet. Felles komponentar som er utvikla til anleggsregisteret, blir også brukt i tilsynets vidare digitaliseringsarbeid.

## Nytt fagsystem for tilskotsforvaltning

Hausten 2018 starta utviklinga av eit nytt fagsystem for tilskotsforvaltning. Dette skal erstatte dagens system, som er delvis utdatert og krev mykje manuelt arbeid. Målet er å automatisere mykje av sakshandsaminga, slik at vi kan bruke meir tid på dei krevjande sakene.

**Gevinst:** Automatisering vil effektivisere alt arbeidet med tilskotsforvaltninga. I tillegg vil det redusere risikoen for feil og såleis heve kvaliteten.

## Nytt sakshandsamingssystem i Stiftelsestilsynet

Stiftelsestilsynet har så langt gjort delar av sakshandsaminga i Stiftelsesregisteret med integrasjon til det felles saks- og arkivsystemet. Nye funksjonar i saks- og arkivsystemet gjorde at vi vedtok å flytte sakshandsaminga dit. Det vil framleis vere integrasjon mellom desse to systema.

Av ulike årsaker har prosjektet blitt kraftig forseinka, men ved årsskiftet var det om lag ferdig. Vi tar sikte på å ta i bruk det nye sakshandsamingssystemet tidleg i 2019.

**Gevinst:** Sakshandsamingsflytane blir integrert i eit system som oppfyller alle krav til arbeidsflytar, godkjenning, ekspedering og arkivering. Oppdatering av saks- og arkivsystemet blir enklare i framtida, fordi integrasjonsløsingane med Stiftelsesregisteret blir enklare.

## Stiftelsesregisteret

Nytt stiftelsesregister blei levert hausten 2018. Dette er bygd på same plattform som anleggsregisteret og inneholder gjenbruk av mange modular derfrå. Sakshandsaminga er flytta til saks- og arkivsystemet, og Stiftelsesregisteret er no eit reink fagsystem/-register. Det er utvikla eit webservice-lag på Stiftelsesregisteret for eksterne system. Dette sikrar vidare integrasjon mellom Stiftelsesregisteret og saks- og arkivsystemet. Mellom anna er det no lagt til rette for enkel fakturering av gebyr.

**Gevinst:** Standardisering av plattform og meir ressurseffektiv drift av systemløsing. Integrasjonsløsing som sikrar meir effektiv integrasjon og færre avgrensinger ved m.a. oppdatering av saks- og arkivsystem.

## Etablering av elektronisk kvalitetssystem

I tråd med Lotteri- og stiftelsestilsynets strategi for å styrke internkontrollen innførte vi i 2018 eit elektronisk kvalitetssystem. Her skal vi samle all kvalitetsdokumentasjonen i tilsynet, og systemet handterer versjonskontroll, revisjonar og arbeidsflytar. Kvalitetssystemet har ein god søkemotor som gjer det enkelt å søke fram kvalitetsdokument. Vidare har systemet integrert sentrale regelverk på personal- og HMT-området, og desse blir haldne ved like av leverandøren. Tilsvarande har systemet også ein leiarhandbok-modul som vi er i gang med å bygge opp, samt ein eigen modul for GDPR.

**Gevinst:** Ei effektiv og systematisk løsing for kvalitetsdokumentasjon med betre tilgang og kvalitet. Dette vil betre kvaliteten på internkontrollen vår.

## Innføring av KGV

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i tråd med krav tatt i bruk ei elektronisk løsing for anbodsprosessar: KGV (konkurransegjennomføringsverktøy).

Verktøyet er levert av EU-Supply via DFØ og skal bli ei effektiv og ryddig løsing for tilbydarar.

**Gevinst:** Effektiviserer dokumenthandtering og kommunikasjon med tilbydarar i anbodsprosessar. Det blir slutt på innsending av tilbod i papirformat. Løsinga er standard for alle statlege verksemder som nyttar DFØ.

## Ny telefoniløysing

Hausten 2018 gjekk vi over til ny mobilleverandør. I samband med dette vedtok vi også å bytte ut Jabber med Skype for Business. Implementeringa starta i 2018 og blir avslutta tidleg i 2019.

**Gevinst:** Administrasjonen av telefoniløysinga vår var ressurskrevjande og kostbar, og ny løysing gir reduserte telefonikostnader og redusert ressursbruk.

## Skifte av datalagringsløysing

Eksisterande løysing måtte skiftast grunna alder, kapasitet og støtte. I samarbeid med IT-leverandøren vår valde vi ei ny løysing med stor kapasitet samt enklare og meir effektiv administrasjon.

**Gevinst:** Redusert ressursbruk og forenkla administrasjon.

# Brukarane er godt tilfreds med oss

Brukarar av Lotteri- og stiftelsestilsynet blir stadig meir digitale og er jamt over godt tilfreds med oss. Vi skårar høgast på tillit, serviceinnstilling og kompetanse. Det viser brukarundersøkinga vi gjorde hausten 2018.

Resultatet vitnar om at overordna tilfredsheit er særleg høg blant brukarar av våre tilskotsordningar, t.d. momskompensasjonsordninga, og blant brukarar av Lotteritilsynet. Stiftelsestilsynet ligg noko lågare, men også her viser resultatet ein signifikant auke i brukartilfredsheit samanlikna med 2015. Totalt ligg vi mellom 73 og 86 på indeksen, der alt over 70 er rekna for å vere bra.

I målinga frå 2018, der til saman 2381 brukarar svarte, ser vi også at vi over tid har utvikla oss i positiv retning i alle kategoriene. Desse er *heilskapleg vurdering, tillit, oppfylle krav, komparativt, informasjon og rettleiing, serviceinnstilling, kompetanse, nettsider og brukartilfredsheit*. (Sjå figur).

## Digital informasjon

Brukundersøkinga fortel oss også at det er ein betydeleg større del som ønskjer å få informasjon frå oss via digital postkasse i Altinn samanlikna med i 2015. Omvendt er det ein betydeleg større del som svarar at dei ikkje vil ha brev sendt i posten.

Det er analysebyrået Epinion som saman med kommunikasjonsbyrået Trigger har gjennomført brukarundersøkingar for oss. Formålet med den kvantitative undersøkinga var å måle brukaranes tilfredsheit med ulike forhold knytt til Lotteri- og stiftelsestilsynets verksemd. I den supplerande kvalitative delen, undersøkte vi opplevingar av brukarreiser gjennom intervju av enkeltaktørar i grupper. Vi har gjort denne type brukarundersøkingar sidan 2011 og resultata har kvar gong danna grunnlag for vidareutvikling av arbeidet vårt.

Det er brukarar som har vore i kontakt med oss i løpet av dei siste 12 månadane som har delteke i den kvantitative undersøkinga. Den blei gjennomført på e-post i løpet av tre veker frå oktober til november. Alle dei kvantitative brukarundersøkingane – frå 2011, 2012, 2015 og 2018 – er i det meste samanliknbare og er delt med publikum på våre nettsider.

## 7 av 10 tilfreds med Spelansvarskonferansen


I oktober 2018 inviterte vi bransje, interessegrupper og publikum til spelansvarskonferanse, den tredje på seks år.

Speleansvarskonferansen er eitt av delmåla i «Handlingsplan mot spilleproblem», og tema denne gongen var spelansvar og spilleproblem. Evalueringa, der 69

deltakarar svarte, viser at dei samla sett er fornøgde med konferansen. 4,3 % var lite tilfreds, 26,1 % var nøytrale, 59,4 % var tilfredse og 10,1 % var svært tilfreds. Dette er omtrent det same nivået som i evalueringa av konferansen i 2016. Alle tilbakemeldingane blir vurdert og brukt i planlegginga av nye konferansar.

## SAMMENLIGNING AV RESULTATMÅL – PER BRUKERGRUPPE 2018

Sammenligning av overordnede resultatmål – per brukergruppe



### Auke i nettrafikken og større medieinteresse

Stadig fleire av våre brukarar finn informasjon på nettsida. Over 50 prosent startar besøket via søkesider, og om lag ti prosent besøker oss via sosiale medium. Resten av dei besøkande går direkte til nettsida eller kjem inn via andre sider. Som trenden er på nett besøker stadig fleire brukarar oss via smarttelefon, heile 45 prosent av besøka kom frå mobil (38 %) eller nettbrett (7 %).



Medieinteressa for våre fagfelt aukar. Det viser tal frå Retriever.

År:	2015	2016	2017	2018
Tal medieoppslag	1308	1320	1500	1938

### Høg kvalitet på nettstaden

Kvaliteten og brukarperspektivet på nettstaden målar vi ved bruk av Siteimprove som er eit verktøy for å kvalitetsikre innhaldet. Siteimprove fangar opp feil og manglar og gir oss rapportar på blant anna sikkerheit, kvalitet, universell utforming, språk, søkemotoroptimalisering og

persondata. Vi har eit mål om å ha svært god kvalitet på nett. Siteimprove effektiviserer arbeidet vårt ved å fange opp feil og manglar som vi til ei kvar tid rettar opp. Målet vårt er å ha ein samla score som skal ligge over 90 av 100 moglege kvalitetspoeng. Det har vi lukkast med i 2018.

# Styring og kontroll i verksemda

## Intern styring og kontroll

Direktøren har ansvar for at Lotteri- og stiftelsestilsynet organiserer arbeidet med internkontroll slik at verksemda er stand til å oppfylle krava som økonomi-regelverk og anna administrativt regelverk stiller. Tilsvarande gjeld for dei mål- og resultatkrava som er stilt i styringsdokument frå departementet.

Direktøren har kontroll gjennom delegering av fullmakter og ved å bli halden orientert om rutinar, prosessar og aktuelle saker. Det er leiarmøte kvar veke. Prinsipielle spørsmål i høve til intern kontroll, samt sentrale interne styringsdokument vert vedtekne av direktør. Direktøren delegerer fullmakter til avdelingsleiarane.

Avdelingsleiarane har ansvar for internkontroll i alle prosessar og aktivitetar innanfor eige ansvarsområde. Avdelingsleiar har også ansvar for at medarbeidarane har tilstrekkeleg kompetanse og kunnskap om dei retningslinjer og prosedyrar som gjeld for deira arbeidsoppgåver. Ansvoaret inneber mellom anna å sjå til at avvik, feil og manglar blir handtert, og leggje til rette for kontinuerleg forbetring og læring.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har felles systemløsing for verksemddplanlegging, rapportering og risikovurdering på verksemdnivå, og felles system for kvalitetsdokumentasjon. Vi har fullservicemodell hos DFØ, og nyttar dei system og rutinar som følgjer av den modellen.

Administrasjonen støttar direktøren i arbeidet med å sikre koordinert og heilskapleg internkontroll, som også omfattar verksemddplan, økonomistyring, risikovurdering og årsrapportering. Økonomirapportering, budsjett-revisjon og risikovurdering på verksemdnivå har ein fast årleg syklus.

## Stabilitet

Det har vore stabilitet rundt fagområda og relativt jamm samla saksmengde i tilsynet dei seinare åra. I 2018 hadde vi utfordringar med kapasiteten på enkelte område som følge av ledige stillingar. Vi oppfylte likevel målkrava frå departementet, og alle funksjonar har vore på eit fullt forsvarleg nivå.

Samla saksstatistikk dei siste fem åra er som følger:

	2014	2015	2016	2017	2018
Journalførte dokument	30 198	30 803	30 322	30 831	31 679
Nye saker	7 019	7 702	7 077	6 462	6 994
Innsynskrav	2 260	2 103	3 574	3 890	5 272

Det var i 2018 ein viss auke i tal journalførte dokument, men det er i første rekke stabilitet som går fram av tala når vi ser dei over tid. Tal innsynskrav var svært høgt, med 5 272. Handtering av innsyn er blitt ei ressurskrevjande oppgåve, og vi jobbar med å finne løysingar som kan redusere ressursbruken.

## Mål om heilskapleg styring

I strategiplanen for perioden 2015–2020 har eitt av måla vore å legge til rette for heilskapleg styring.

Vi har jobba ein god del med å innføre og ta i bruk nye systemløysingar for verksemddplanlegging, rapportering og kvalitetsdokumentasjon. Fjoråret var det første året med heilårseffekt for bruken av verksemddsstyringssystemet frå Corporater. Vi har mellom anna prøvd å finne ei god løysing for risikovurdering på verksemdnivå, og det klarte vi i leveransen til departementet hausten 2018.

Systemet Compendia blei innført i 2018 for å samle og strukturere kvalitetsdokumentasjon på alle område i verksemda. Innfasinga og den meir aktive bruken av denne løysinga held fram.

Ein del endringar i leininga, kombinert med samling av lotteri og pengespel i ei større avdeling under Lotteritilsynet, gjorde sitt til at 2018 blei eit år med nye rutinar for mellom anna leiing, leiarmøte og bruk av styringssystem.

## Arbeid med internkontroll

Det har vore og er eit satsingsområde å styrke internkontrollen i verksemda. Ny personvernlov aktualiserte temaet ytterlegare i 2018, og vi innførte den omtalte systemløysinga frå Compendia for kvalitetsdokumentasjon.

Internkontroll skal omfatte alle område, t.d. fag, administrasjon, drift og beredskap. Det står framleis att arbeid før vi er der vi har som mål å vere når det gjeld internkontroll.

## Arbeid med personvern

EUs personvernforordning frå 2016 blei del av norsk rett ved at vi fekk ei ny personopplysnings-lov som gjeld frå 20. juli 2018. Dette førte med seg nye plikter også for Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Regelverket krev mellom anna at alle personopplysningsar

- blir behandla lovleg
- berre blir brukt til spesifikke formål
- er tilstrekkeleg sikra
- berre blir behandla dersom dei er korrekte
- ikkje blir lagra lenger enn det som er nødvendig

I tilsynet behandler vi personopplysningar i ulike samanhengar. Det gjeld både representantar for stiftelsars og frivillige organisasjonar, tilbydarar av spel og lotteri samt personopplysningar om våre tilsette. Det ligg føre personopplysningar i både forvaltningssaker, tilsynssaker og administrasjon. Personopplysningane blir behandla i våre ulike fagsystem, først og fremst i elektronisk form, men i nokre få tilfelle også som ustrukturerte data. På visse område kjem vi bort i særlege (sensitive) personopplysningar, t.d. innan kampfiksing og kvitvasking, og då må vi vere ekstra påpasselege med at vi oppfyller krava i regelverket.

Alt i november 2017 sette vi i gang eit prosjekt som hadde som mål å avklare konsekvensar av det nye regelverket for Lotteri- og stiftelsestilsynet, plassere ansvar og sikre informasjon og opplæring. Tidleg i 2018 fekk vi på plass eit personvernombod som kjenner verksemda vår godt. Den første tida gjekk med til å skaffe kompetanse om dei nye reglane, gjere dei tilsette bevisste på auka krav til personvern, avklare status i vår verksem, velje verktøy for oppfølging og prioritere arbeidsoppgåver framover.

I 2018 inngjekk vi ei rekke databehandlaravtalar, og vi utarbeidde ei meir omfattande personvernerklæring. Det som nok har vore mest ressurs-krevjande, er arbeidet med å skaffe oversikt (etter ein mal frå Datatilsynet) over all vår behandling av personopplysningar og dokumentere grunnlaget for og formålet med behandlinga fordelt på alle våre organisatoriske einingar. Vi innførte mot slutten av året eit nytt system for kvalitetssikring i verksemda (Compendia), som også inneheld ei eiga GDPR-handbok.

I 2018 rapporterte vi to mindre avvik til Datatilsynet, som raskt blei lukka. Avviksrapportering medfører viktig læring i organisasjonen, og arbeidet med personvern i Lotteri- og stiftelsestilsynet er ei kontinuerleg oppgåve.

## Økonomistyring og innkjøp

Omtale av rekneskaper finn du i ein eigen del av årsrapporten.

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet og har samarbeidsmodellen fullservice med Direktoratet for økonomistyring (DFØ). Økonomistyringa i tilsynet har stabilitet og god måloppnåing.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbodsprosessar og inngåing av kontraktar. Vi har ikkje vurdert risikoene for arbeidslivskriminalitet som overhengande på våre innkjøpsområde. Vi nyttar i hovudsak store og velrenomerte leverandørar, og vi stiller krav til attestar og dokumentasjon når vi inngår kontrakt.

I året som gjekk, har fleire av dei sentrale rammeavtalane inngått av Statens innkjøpsenter blitt gjort gjeldande. Vi reknar også bruk av sentrale rammeavtal som eit verkemiddel for førebygging av arbeidslivskriminalitet.

## Riksrevisjonen

Riksrevisjonens tilbakemeldingar har også for 2017-rekneskaper vore gode. Vi har halde fram på same måte i 2018 – med godt samarbeid og god dialog med Riksrevisjonen.

## HMT og arbeidsmiljø

Mål for HMT arbeid i Lotteri- og stiftelsestilsynet er:

- Redusere sjukefråværet
- Vere ein attraktiv arbeidsplass med kultur for endring
- Unngå skadar og ulykke

I perioden 2015 til 2017 gjennomførte vi kvart år ei omfattande medarbeidarundersøking. Vi har hatt gode resultat og også god utvikling. I dialog med dei tillitsvalde blei det i 2018 bestemt at det ikkje skulle gjennomførast ny undersøking før våren 2019.

Lotteri- og stiftelsestilsynet gir dei tilsette høge til å trenne ein time i veka i arbeidstida. Ein del av velferdsmidlane blir nytta til tiltak for fysisk aktivitet. Ei kartlegging viste at det er svært mange som nyttar denne timen, enten til eigentrening eller til fellestrenings. Dei tilsette har i 2018 fått tilbod om treningsrettleiing gjennom vår bedriftshelseteneste.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina. I løpet av 2018 blei det gjennomført ei ergonomikartlegging som konkluderte med at det ergonomiske arbeidsmiljøet er overordna bra. Alle tilsette får tilbod om influensa-vaksine gjennom bedriftshelsetenesta. Stamina deltek på alle møte i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

## Rekruttering og inkluderingsdugnaden

I 2018 gjennomførte vi ti rekrutteringsprosessar. Tre tilsette slutta, nokre fekk permisjon, medan andre fekk nye stillingar i organisasjonen. I tillegg blei det nokre endringar grunna omorganisering. Vi har jamt over god tilgang på søkerar og har ikkje utfordringar med å tilsette godt kvalifiserte søkerar i utlyste stillingar.

Vi har hatt ein trainee og to lærlingar, ein innan kontorfag og ein innan IKT.

Ved rekrutteringar etter 1. juli 2018 har vi hatt fokus på inkluderingsdugnaden. Vi har gjort ein bevisst gjennomgang av søknadane med tanke på å finne aktuelle kandidatar som kan tilsettast i samsvar med inkluderingskriteria. Målet er å tilsette ein kandidat i løpet av eitt år. Siste halvår 2018 hadde vi tre faste nytilsettingar. Éin aktuell kandidat oppfylte kriteria, men stetta ikkje kompetansebehovet. Generelt er det utfordrande å oppfylle måla fordi fleire av våre utlysingar stiller krav til kompetanse som kan ekskludere nokre av disse søkerane.

## IA-avtalen og sjukefråvær

IA-avtalen og sjukefråvær har fått mykje merksemd frå leiinga. I samarbeid med AMU har vi følgt nøyne med på sjukefråværet i 2018 og vil halde fram med det i 2019. Sjukefråværet i 2018 gjekk litt opp i høve til dei to føregåande åra. I 2018 hadde vi eit sjukefråvær på 3,78 %, medan det i 2017 var på 3,1 %, det same som i 2016. Sjølv med ei lita auke er det likevel under tala for perioden 2012–2015.

## Informasjon og dialog

Kvar tredje veke er det gjennomført faste møte i IDF (informasjon, dialog og forhandling) med dei tillitsvalde om ulike tema. AMU har etter planen møte kvart kvartal og elles etter behov. Alle avdelingar har jamlege avdelingsmøte.

Avdelingane utarbeider årlege kompetanseplanar som omfattar både interne og eksterne tiltak. Nokre kompetansetiltak blir gjennomført for heile organisasjonen, t.d. temadagar om godt språk.

Det er gjennomført obligatorisk medarbeidarsamtale med alle tilsette.

## Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremje likestilling i samsvar med regelverket og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering og lønsplassering.

Gjennomsnittleg alder i tilsynet er 46 år i 2018, opp to år frå 2017. Går vi ti år tilbake, var gjennomsnittsalderen 42 år. Dette stadfestar at det er stor grad av stabilitet i arbeidsstokken. Fleire tilsette har vore med heilt sidan tilsynet blei oppretta, og har derfor mykje erfaring.

## Samfunnstryggleik og beredskap

I 2018 vart det gjennomført ein mindre revisjon av beredskapsplanen. Leiargruppa og AMU har drøfta sikringstiltak, og om planverket er tilfredsstillande m.a. med omsyn til personelltryggleik. Dette er eit av fleire forhold ein ønskjer å sjå meir på i 2019.

I 2018 er det gjennomført brannøving med evakuering, og AMU har gått gjennom rutinane. Det er også gjennomført fysisk kontroll av branngryggleikstiltak.

ROS-analyse for tryggleik og beredskap vart utarbeid i første kvartal og oversendt departementet.

## Tidstjuvar og effektiviseringstiltak

Vi jaktar stadig tidstjuvar og effektiviseringstiltak. Både pågåande og planlagde digitaliseringstiltak har som mål å effektivisere drifta, redusere risiko og betre kvaliteten både internt og eksternt for våre brukarar og samarbeidspartnarar.

Hausten 2018 starta vi opp ein strategiplanprosess som skal sette tydleg mål og retning for arbeidet vårt, ressursbruk, prioriteringar og kvalitet. Ein god og godt implementert strategi vil vere eit godt verktøy på vegen med omsyn til både digitalisering og effektivisering. Framtida krev at vi arbeider smartare og at vi får meir ut av dei samla ressursane.

Fleire av våre digitaliseringstiltak går over tid, og for å oppnå ønska gevinstar må vi tenkje langsiktig gjennom både prioriteringar og ressursbruk. Vi arbeider målretta med dette.

## Program for styring og leiing i staten

Leiing er og ein sentral del av strategiplanprosesen som vart starta i 2018. Det har vore ein del utskifting i leiargruppa siste år, og leiargruppa har jobba med å etablere gode samarbeids- og møtearenaer, samt gode prosessar for betre heilskapleg styring.

## Ytre miljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet prioritærer å bruke videokonferansar eller nettmøte når det er mogleg. Møteromma våre er godt utstyrte med tilgang på videokonferanseutstyr.

Vi ser óg at bruk av Skype (ein til ein/mange) frå kontorarbeidsplassen aukar, og at dette er ein effektiv måte å gjennomføre kortare møte som gir stor tidsgevinst. Meir og meir av arbeidet skjer elektronisk, og bruk av papir går ned.

## Kjønnsfordeling:

	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i prosent)	51	49	60	40	51	49
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i prosent)	51	49	60	40	50	50
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i prosent)	100	0	0	0	100	0
Gjennomsnittsløn – stillingar (i 1 000 kr)	560	597	904	911	528	576

# Kva skjer framover?

I 2018 starta vi arbeidet med ein ny strategi. Denne blir ferdig i løpet av mars 2019 og vil seie noko om korleis vi skal arbeide for å løyse samfunnsoppdraget vårt framover.

Endringstakta i samfunnet går stadig raskare, og oppdraget vårt er ikkje berre å følgje med i utviklinga. Helst skal vi også vere i framkant på ein del område. Dei store globale samfunnstrendane påverkar sjølvsagt også oss og vår verksemد.

## Effektivisering

Enkelt sagt går krava til oss ut på at vi skal bruke nye løysingar, slik at vi får gjort fleire oppgåver for mindre pengar. Vi må utfordre oss sjølv på å ikkje berre utvikle eksisterande løysingar, men også tenke ut nye måtar å løyse oppgåvene våre på. Brukarperspektivet har alltid stått sterkt i Lotteri- og stiftelsestilsynet, og det skal det også gjere framover. Derfor er det viktig å ha brukarane sine innspel med oss når vi lagar nye løysingar. Gevinstar skal ikkje berre realiserast internt hos oss. Det er vel så viktig å lage løysingar som er meir effektive for brukarane våre.

Automatisering av manuelle prosessar, forenkling av søknadsprosessar og standardisering av verktøy krev at vi har ein langsiktig prioriteringsplan for utvikling innanfor ressursrammene til ei mellomstor statleg verksemđ. Vi utarbeider i komande periode ein sourcingstrategi for å avklare kva oppgåver som skal løysast internt og på kva område det er tenleg å hente inn eksterne ressursar. Tilsynet må også sørge for å ha ein oversiktleg og effektiv systemportefølje.

Desse elementa er avgjerande for tilsynet si måloppnåing i høve til effektivisering og forenkling for brukarane våre, og det er vektlagt i strategien. Slik det ser ut per no bør vi kunne ha god langsiktig måloppnåing.

## Kompetanse

Endringar i måten vi løyser oppgåvene våre på, medfører at vi også må sjå på om vi har den rette kompetansen hos oss. Vi skal framleis ha dei beste fagfolka på våre område, men ser at vi også treng kompetanse på fleire område. Denne oppgåva må vi løyse dels gjennom nyrekryttering og dels gjennom vidare- og etterutdanning av våre tilsette.

Kompetanse er ein avgjerande faktor for å løyse oppdraga og utvikle verksemđa, og vi må løyse det innanfor tilgjengelege rammer. Lotteri- og stiftelsestilsynet skal gjennom strategisk rette kompetansetiltak legge til rette for god langsiktig måloppnåing.

## Kunnskapsformidling

Vi har mykje kunnskap om våre fagfelt. Vi har også kunnskap som gjennom samanstilling og tilrettelegging vil kunne seie mykje om påverknađen på samfunnet. Korleis ville til dømes det norske samfunnet sett ut utan stiftelsar, kor viktig er momskompensasjonsordninga for det frivillige Noreg, og er pengespelrekklame farleg? Vi meiner det er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt å spreie kunnskap om fagområda våre. På den måten kan vi bidra til å bringe fakta inn i samfunnsdebatten, og vi vil kunne gi politikarane eit betre faktagrunnlag når dei skal ta sine avgjerder.

Brukarar og interessentar av tilsynet ønskjer at vi deler meir av den kunnskapen vi sit på, samstundes viser dei til at dei også sit på kunnskap og informasjon som er nyttig å dele. Framover skal vi prioritere å knyte kontakter med relevante samarbeidspartnarar der vi ser felles nytte av å utveksle kunnskap og informasjon. Internt skal vi forbrette informasjonsflyten og kunnskapsdelinga på tvers av fagområde og avdelingar.

Med strategien for komande periode legg Lotteri- og stiftelsestilsynet eit grunnlag for god langsiktig måloppnåing på kunnskapsformidling.

## Lovarbeid

Det blir gjort lovarbeid på både lotteri- og stiftelsesområdet. Dette er spennande prosessar der resultatet vil vere viktig for korleis vi arbeider framover. Lovarbeid er faktisk også ei svært viktig og ofte avgjerande brikke i digitalisings- og effektiviseringsarbeidet.

Endringar i lov og forskrift har direkte konsekvens for det forvaltings- og tilsynsarbeidet vi utfører. Målkrava for Lotteri- og stiftelsestilsynet vert tilpassa til ei kvar tid gjeldande lovverk, og vi har høgste prioritet på måloppnåing knytt til kjerneoppgåvane forvaltnign og tilsyn.

## Internasjonalt arbeid

Vi skal også framover samarbeide tett med våre kollegaer i andre land. Her deler vi kunnskap og lærer av kvarandre. Trass i ulik lovregulering ser vi at mange problemstillingar er dei same. Nettverk og erfaringsdeling gir meir effektivt tilsyns- og kontrollarbeid.

## Marknadskontroll

Elles tyder utviklinga på at arbeidet for å hindre at spelselskap som ikkje har lisens i Noreg, tilbyr spel i her i landet, vil bli minst like arbeidskrevjande framover. Fordelen er at vi får stadig betre lovheimlar til å handheve forbodet. Slik det ser ut no, vil forbodet mot betalingsformidling bli meir effektivt i 2019, og det blir arbeidd med DNS-blokking og forbod mot pengespel-reklame på TV. Alt dette vil, saman med det arbeidet vi allereie gjer, forhåpentlegvis gjøre det lettare å handheve einerettsmodellen.

Det har stor betydning for vår måloppnåing at myndighetene samla sett lukkast med dei verkemidla som vert sett inn. Vi har per i dag gode indikasjoner på at verkemidla samla sett fører til ønska samfunnseffekt.

## Frivillig arbeid

I 2018 kom den nye stortingsmeldinga om den statlege frivilligheitspolitiken, «Frivilligheita – sterkt, sjølvstendig, mangfaldig». Vi ser med spenning fram til å kunne gi vårt bidrag, i form av både kunnskap og innsats på andre område, slik at intensjonane i frivilligmeldinga skal bli oppfylt.

Utviklingstrekk i frivillig sektor og regjeringa si vidare oppfølginga av frivillegmeldinga har vesentleg betydning for det vi kan forvente av framtidige målkrav.

# Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

## Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, momskompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

I del I i årsrapporten er det gitt ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring.

Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilet av tilsynet sine disponible løyingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

## Vurderingar av vesentlege forhold

I 2018 har Lotteri- og stiftelsestilsynet disponert løyingar på utgiftssida på til saman kr 1 815 702 770. Ordningane for momskompensasjon utgjer kr 1 727 503 000 av tildelingane, og desse løyingane har blitt utbetalt i sin heilskap.

Forbruk på drift er i tråd med plan og budsjett. Vi har det siste året hatt ein del innsparing på løn som følgje av

ledige stillingar, og dette ga hausten 2018 rom til å iverksetje nokre prioriterte tiltak. Vi har hatt meirinntekter på lotteriområdet, og vi har halde oss på plussida på begge driftspostane. Netto mindreforbruk er søkt overført, jf. rekneskapsførte utgifter i oppstillinga av bevilningsrapporteringa. Som det går fram av note B, søker tilsynet om å overføre kr 3 172 761 av tildelte midlar på post 01 (5-prosenten), og kr 2 084 753 på post 21 ved å vise til stikkordet «kan overførast».

Av rapporterte utgifter til drift og investeringar kr 83 903 084, gjekk kr 51 190 275 til løn og sosiale utgifter. Lønsdelen av driftsutgiftene var 61 prosent. Det er litt opp i høve til 2017 då den var 59,3 prosent, men lønsdelen er på same nivå som i 2016.

Som vist i figuren reduserte vi driftsutgiftene samanlikna med året før. Ledige stillingar og innsparing på varer og tenester forklarer dette. Innsparingar på løn utgjorde over kr 3,5 mill. På varer og tenester har vi samanlikna med året før hatt innsparing både på personrelaterte kostnader som reiser og kurs, men også på kjøp av konsulenttenester. Pensjonspremie har vore med i rekneskapen frå og med 2017, og den forklarer auken på løn frå 2016 til 2017, jf. figuren.

Vi har dei seinare åra hatt ein auke i utgifter knytt til arbeid med digitalisering og utvikling av brukarvennlege tenester, samt internkontroll. Lisensar, vedlikehaldsavtalar og tilhøyrande konsulenttenester utgjer den største komponenten under varer og tenester, utanom husleige og drift av bygg. IKT-relaterte utgifter har lege på om lag same nivå i 2018 som året før. Dei fem største IKT-leverandørane våre stod for til saman kr 8,9 mill. i utgifter. Husleige og fellesutgifter som går via huseigar utgjer kr 6,2 mill.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Budsjettkravet for 2018 er innfridd for alle inntektspostar. Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgift frå stiftelsar.

Årsavgift frå stiftelsane har lege stabilt dei siste tre åra, etter nokre år med auke. Refusjonen frå Norsk Tipping har blitt auka noko dei seinaste åra gjennom statsbudsjettet. Auken har vore jamn, med unntak av 2018 då refusjonsbeløpet også dekte utvikling av anleggsregisteret. Dette er endra i statsbudsjettet for 2019, då anleggsregisteret er trekt ut av refusjonsbeløpet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har god stabilitet og tryggleik på inntektskomponentane og inntektsmodellen samla sett

## Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsberetninga er venta klar i andre kvartal 2019.

Førde, mars 2019

Gunn Merete Paulsen  
direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

# Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærmere retningslinjer i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnerne»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015.

Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnerne punkt 3.4.1, nærmere føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporten omfattar ein øvre del med bevilgningsrapport og ein nedre del som viser behaldningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

## Følgjer kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskonto-rapporten er utarbeidd med utgangspunkt i føresegne punkt 3.4.2.– dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følgjer kalenderåret:

- Rekneskapen inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevilgnings- og artskonto-rapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa,

men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krav i føresegnerne punkt 3.5 til korleis verksemde skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i føresegnerne punkt 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den einskilde oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

## Bevilgningsrapporten

Bevilgningsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle eidegar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna for samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

## Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

# Bevilgningsrapport for 2018

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2018	Meirutgift (-) og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	81 285 770	79 901 837	1 383 934
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	6 914 000	6 151 247	762 753
0315	Frivillighetsformål	70	Mva.kompensasjon frivillige organisasjoner	A	1 423 500 000	1 423 500 000	0
0315	Frivillighetsformål	82	Mva.kompensasjon bygging idrettsanlegg	A	304 003 000	304 002 686	314
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	5 002 745	
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>1 815 702 770</b>	<b>1 818 558 514</b>	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2018	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3339	Inntekter fra spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr lotteri	B	6 678 000	8 085 765	1 407 765
3339	Inntekter fra spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr stiftelsar	B	159 000	195 560	36 560
3339	Inntekter fra spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	6 248 000	7 570 000	1 322 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift stiftelsar	B	24 215 000	24 559 503	344 503
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon Norsk Tipping og Rikstoto		42 961 000	42 969 189	8 189
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	1 216 528	1 216 528
5700	Arbeidsgjeveravgift	72	Arbeidsgjeveravgift		0	6 311 492	
<b>Sum inntektsført</b>					<b>80 261 000</b>	<b>90 908 037</b>	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		<b>1 727 650 477</b>
Kapitalkontoar		
60075901	Norges Bank KK / innbetalingar	86 162 878
60075902	Norges Bank KK / utbetalingar	-1 814 233 364
703803	Endring i mellomvære med statskassa	420 009
<b>Sum rapportert</b>		<b>0</b>

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

		2018	2017	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-1 954 086	-2 374 095	420 009

**Note A Forklaring av samla løying**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løying
33901	1 377 000	79 908 770	81 285 770
33921	1 844 000	5 070 000	6 914 000
31570	0	1 423 500 000	1 423 500 000
31582	0	304 003 000	304 003 000

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre i hht. avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) iht. meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løying	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		1 383 934		1 383 934	1 788 828			3 172 761	3 861 000	3 172 761
33921	«kan overførast»	762 753		762 753	1 322 000			2 084 753		2 084 753
31570		0		0				0		
31582		314		314				0		

\*Maksimalt beløp som kan overførast er 5 % av årets løying på driftspostane 01-29, unntake post 24 eller sum av dei siste to års løyingar for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå rundskriv R-2/2013 for meir informasjon om overføring av ubrukte løyingar.

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Stikkordet «kan overførast»

Verksemda si løying på kapittel/post 33921 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kjem frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og verksemda lar beløpet inngå som ein del av mogleg overførbart beløp.

### Romertalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. St.prp 1 S (2017-2018). Løyinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post

33902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. St.prp 1 S (2017-2018). Løyinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan rekna med ved utrekning av overførbare beløp.

### Mogleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løying på kapittel/post 33901 er på samla beløp kr 3 172 761, og dette vert rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut

i frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921 kan overførast i sin heilskap då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Beløpet inngår i berekninga av mogleg overførbart beløp til neste år. Det er ikkje aktuelt å overføre midlar til neste år frå andre utgiftspostar då desse løyingane ikkje er overførbare. Mogleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbakemelding frå overordna departement om endelag beløp.

Løyingane under kapittel/post 31570 og 31582 er ikkje overførbare.

# Artskontorrapport for 2018

	Note	2018	2017
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilningsrekneskapen</b>			
Innbetalingar fra gebyr	1	51 242 325	71 695 059
Andre innbetalingar	1	7 838 260	12 805 000
<b>Sum innbetalingar fra drift</b>		<b>59 080 585</b>	<b>84 500 059</b>
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilningsrekneskapen</b>			
Utbetalingar til løn	2	51 190 275	54 972 345
Andre utbetalingar til drift	3	29 570 803	35 539 838
<b>Sum utbetalingar til drift</b>		<b>80 761 079</b>	<b>90 512 183</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>21 680 493</b>	<b>6 012 124</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	3 139 325	2 186 922
Utbetaling av finansutgifter	4	2 679	4 845
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>3 142 005</b>	<b>2 191 767</b>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>3 142 005</b>	<b>2 191 767</b>
<b>Innkrevingsverksemド og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	25 428 444	797 735
<b>Sum innkrevingsverksemド og andre overføringer til staten</b>		<b>25 428 444</b>	<b>797 735</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalingar av tilskot og stønader	7	1 729 652 686	1 491 135 518
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>		<b>1 729 652 686</b>	<b>1 491 135 518</b>
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		87 516	93 128
Arbeidsgjeveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		6 311 492	6 760 881
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		5 002 745	5 828 285
<b>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</b>		<b>-1 396 263</b>	<b>-1 025 724</b>
<b>Netto rapportert til bevilningsrekneskapen</b>		<b>1 727 650 477</b>	<b>1 497 515 950</b>

## Oversikt over mellomvære med statskassa

Eigedalar og gjeld		2018	2017
Lån til tilsette		23 056	62 581
Skuldig skattetrekk		-1 806 162	-1 962 075
Skuldig meirverdiavgift		-170 980	-462 363
Anna kortsiktig gjeld			-12 238
<b>Sum mellomvere med statskassa</b>	8	<b>-1 954 086</b>	<b>-2 374 095</b>

# Notar

## Note 1 Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen

	2018	2017
<b>Innbetalingar frå gebyr, avgifter og refusjonar</b>		
Gebyr lotteri	8 085 765	7 724 100
Sakshandsamingsgebyr samvirkelova	28 000	42 000
Registreringsgebyr stiftelsar	167 560	185 790
Årsavgift stiftelsar *	0	24 282 169
Refusjon Norsk Tipping **	40 463 000	36 963 118
Refusjon Norsk Rikstoto **	2 498 000	2 497 882
<b>Sum innbetalingar frå gebyr</b>	<b>51 242 325</b>	<b>71 695 059</b>
<b>Andre innbetalingar</b>		
Oppdrag utvikling av anleggsregister	0	4 200 000
Handlingsplan mot speleproblem	4 670 000	6 050 000
Nasjonal plattform mot kampfiksing	2 900 000	2 550 000
Annan inntekt, refusjonar	268 260	5 000
<b>Sum andre innbetalingar</b>	<b>7 838 260</b>	<b>12 805 000</b>
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>59 080 585</b>	<b>84 500 059</b>

\* Årsavgift er ført på ny artskonto 8421 frå 2018. Sjå note 6.

\*\* Refusjon Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er ved ein inkurie ført på artskonto 370 i staden for 842 som er korrekt.

## Note 2 Utbetalinger til løn

	2018	2017
Løn	40 748 005	43 123 929
Arbeidsgjevaravgift	6 311 492	6 760 881
Pensjonsutgifter	4 617 628	4 980 896
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-1 219 935	-1 250 082
Andre ytingar	733 085	1 356 722
<b>Sum utbetalinger til løn</b>	<b>51 190 275</b>	<b>54 972 345</b>
Tal årsverk:	62	67

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	2018	2017
Husleige	6 118 138	5 962 512
Vedlikehald og ombygging av leide lokale	313 683	222 079
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 199 555	1 215 057
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	242 532	368 193
Mindre innkjøp av utstyr	296 193	453 068
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	4 362 752	6 161 982
Kjøp av framande tenester	10 419 397	12 560 436
Reiser og diett	2 443 460	3 340 465
Andre driftsutgifter	4 175 093	5 256 045
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>29 570 803</b>	<b>35 539 838</b>

**Note 4 Finansutgifter**

	2018	2017
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	2 679	4 845
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>2 679</b>	<b>4 845</b>

**Note 5 Utbetaling til investeringar**

	2018	2017
Utbetaling til investeringar		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	3 139 325	2 186 922
<b>Sum utbetalt til investeringar</b>	<b>3 139 325</b>	<b>2 186 922</b>

**Note 6 Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten**

	2018	2017
Avgifter stiftelsesområdet *	24 299 432	3 010
Tilfeldige og andre inntekter	1 129 012	794 725
<b>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>25 428 444</b>	<b>797 735</b>

\* Årsavgift er ført på ny artskonto 8421 frå 2018. Sjå note 1.



**Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten**

	2018	2017
Mva.kompensasjon frivillige organisasjoner	1 423 500 000	1 319 822 950
Mva.kompensasjon bygging av idrettsanlegg	304 002 686	169 302 568
Tilskot handlingsplan mot speleavhengigheit	2 150 000	2 010 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>1 729 652 686</b>	<b>1 491 135 518</b>

**Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa**

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2018 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2018 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	547 986	0	547 986
Lån til tilsette	23 056	23 056	0
<b>Sum</b>	<b>571 042</b>	<b>23 056</b>	<b>547 986</b>
Kortsiktig gjeld			
Skuldig skattetrekk	-1 806 162	-1 806 162	0
Skuldig meirverdiavgift	-170 980	-170 980	0
<b>Sum</b>	<b>-1 977 142</b>	<b>-1 977 142</b>	<b>0</b>
<b>Sum</b>	<b>-1 406 100</b>	<b>-1 954 086</b>	<b>547 986</b>



Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00  
[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)  
[lottstift.no](http://lottstift.no)



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet